

Årsrapport 2022

Bjørgvin biskop og bispedømeråd



Biskop Halvor Nordhaug sin avskjedsturne. Føredrag for tilsette i Foldnes kyrkje i Øygarden. Foto: Tore Skjæveland



DEN NORSKE KYRKJA

Offentleg versjon 15. mars 2023.

Rapporten er basert på førebelse tal frå SSB, kvalitetssikra pr. 15. mars. Endelege offisielle tal for 2022 kjem i juni 2023.

Innhald

I: Tilstandsrapport frå leiarane	1
II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal.....	4
Organisasjonsstruktur/organisasjonskart	5
2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2022	6
2 B. Volumtal 2017-2022	7
2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen	7
III: Aktivitetar og resultat i 2021	8
3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin	8
3 B. Omtale av resultat og måloppnåing.....	9
3.B.1. Kyrkja opnar rom for tru.....	9
3.B.1.1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	9
3.B.1.1.1 Gudstenestelivet.....	9
Nattverd.....	11
3.B.1.1.2 Samisk språk i gudstenester.....	13
3.B.1.1.3 Kyrkjelege handlingar	13
Konfirmasjon.....	14
Vigsler	15
Gravferder	15
3.B.1.1.4 Trusopplæring	16
3.B.1.1.5 Fleire i Bjørgvin vert døypte	20
3.B.1.2. Fremjer verdiar som utfordrar og som bygger eit godt samfunn for alle	21
3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rom	21
3.B.1.2.2. Samhandling med trus- og livsynssamfunn.....	23
3.B.1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje.....	24
3.B.1.3.1. Rekruttering.....	24
Vigslingar.....	24
3.B.1.3.2. Kyrkjeorganisasjonen	24
3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling	24
3.B.2. Kyrkja er der livet blir levd	26
3.B.2.1. Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	26
3.B.2.1.1. Konsertar og kulturarrangement	26
3.B.2.1.2. Kulturarv	27
Opne kyrkjer	27
Pilegrimsarbeidet.....	27
3.B.2.1.3. Samarbeid med skular og andre om kulturarv	28
Samarbeid mellom kyrkje og skule	28

3.B.2.1.4. Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja	29
3.B.2.2. Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt.....	30
3.B.2.2.1. Diakoni	30
3.B.2.2.2. Menneskeverd og vern om skaparverket	31
Vern om skaparverket – grøne kyrkjelydar.....	31
FNs berekraftsmål	31
3.B.2.2.3. Klima og miljøarbeid	33
3.B.2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar	33
3.B.2.3.1. Misjon.....	33
Misjon og vennskapssamarbeid.....	33
3.B.2.3.2. Vennskapsbispedøme	34
3.B.2.3.3. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar	35
3.B.2.3.4. Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka	36
Diakonikonferanse om frivillig teneste.....	36
Fleire tiltak på arbeid med frivillige og kyrkjelydsbyggjande arbeid, sjå 3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling og 3.B.3.3.2. Frivillig teneste	36
3.B.3 Kyrkja er meir for fleire	37
3.B.3.1. Gir ein stad å høyra til og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt	37
3.B.3.1.1. Digital kyrkje	37
3.B.3.1.2. Universell utforming og inkludering	38
3.B.3.1.3. Kyrkjelydsbygging - møteplassar og fellesskap.....	39
3.B.3.1.4. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet	40
3.B.3.2. Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på.....	40
3.B.3.2.1. Ungdomsarbeid	40
Meir om ungdomssatsing på 3.B.3.2.5. «Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne».....	41
3.B.3.2.2. Deltaking i kriseteam og beredskapsråd	42
3.B.3.2.3. Fellesskap for nye i Noreg og flyktningearbeid	42
3.B.3.2.4. Nyskaping og innovasjon.....	43
3.B.3.2.5. Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne	44
Strategiske fellestiltak frå bispedømet – Samantemet 2022	44
Ungdomsdemokrati.....	45
3.B.3.3. Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og arena for frivillige	46
3.B.3.3.1. Trivsel og arbeidsfellesskap.....	46
Presteteneste	48
3.B.3.3.2. Frivillig teneste.....	49

3.B.3.3.3. Digitale verktøy.....	50
3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd	50
3.C.1 I biskopens søkelys.....	50
3.C.2 Forvaltning av saker knytt til kyrkjeordning for Den norske kyrkja.....	51
IV: Styring og kontroll i verksemda	52
Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll	52
4.A. HMT/Arbeidsmiljø.....	53
Andre tiltak	55
4.B. Likestilling	57
4.C Vurdering av internkontroll	58
V: Vurdering av framtidsutsikter.....	59
VI: Årsrekneskapen	61
6. 1 Leiingskommentarar	61
Vedlegg	65
Gjennomført program for biskop Halvor Nordhaug 2022.....	65

I: Tilstandsrapport frå leiarane

Björgvin bispedøme har mykje å glede seg over og å glede seg til.

Det viktigaste er alt det gode som skjer kvar veke i alle kyrkjelydane! Det er likevel ikkje å kome frå at siste del av 2022 vart prega av skifte av biskop. Biskop Halvor hadde ein omfattande turne til alle prostia hausten 2022. På ei side vart det ein avskjedsrunde, men biskopen var like mykje oppteken av å peike framover. Samlingane for tilsette og frivillige hadde som mål å motivere og bygge lag. Biskopen ville peike retning meir enn å mimre. To av strategimåla «teneste» og «synleg» var sentrale i dette.

Biskopen har ei sentral rolle å løfte fram alle medarbeidarar, løna og uløna, og kan peike retning og hjelpe med å prioritere. Bispeskiftet er også med på å bygge lag med ulike samarbeidspartnar og samfunnsaktørar. Slik er biskopen meir enn ein person, men personen er ikkje uvesentleg. Mange vil tenke tilbake på Halvor sin bispegjerning med takksemd, og mange vil sjå fram mot Ragnhild sin bispegjerning med forventning.

Året 2022 er året etter koronatida, der ting gradvis kom tilbake til ein ny normal. Det er også eit år der ein ser at ting ikkje kjem tilbake til det same av seg sjølv. Det er gledeleg å sjå at mange har vore gode til å sjå seg rundt med litt nye auge, og til å ikkje ta ting som sjølvstøtt. Til dømes rundt jul det å kunne samlast til julegudstenester igjen. Vi har sett på oppslutning på gudstenester julaftan, det syner at det er naudsynt å tenke gjennom korleis ein får folk tilbake. Kyrkjerådet sin kampanje er eit godt døme. Det å rette seg inn mot korleis den vaksne kan ta barna med inn i dei gode tradisjonane ein sjølv vaks opp med. Dette må ikkje berre bli eit 2022-tiltak, vi må nok heller tenke ein langsiktig kampanje for dei neste tre til fem åra.

Det er også naudsynt å sjå nærare på kvifor nokre kyrkjelydar får gode resultat der andre har nedgang. Til dømes er gudstenestedeltakinga i Domprostiet ganske god, men av dette har St Jakob åleine rundt 200 på gudstenester kvar søndag. Det skjuler difor at dei andre har ein reell nedgang i besøket. Slik er det i fleire prosti, og det er verd å sjå på kva dei gjer som får vekst. Det er ikkje slik at alt det som skjer i St Jakob kan overførast til andre. Det er likevel verd å sjå på korleis ein metodisk arbeider med frivillige, grupper og det sosiale.

Det er viktig å kunne heie på kvarandre, og sjå at utfordringane er ulike. Folk og kultur er ulik. Det er til dømes viktig med dyktige tilsette, men det er ofte overvurdert at dette handlar om dei tilsette åleine. Det handlar ofte om ein lokal kultur for korleis ein tenker om kyrkja si. Den kontekstuelle kompetansen er viktig. St Jakob er no, etter 10 år, ein suksess, men det har ikkje vore ein kvikkfiks. Systematisk arbeid og ikkje minst langsiktig vilje frå bispedømerådet til å prioritere har vore heil naudsynt. Det handlar om folk, om relasjonar, men og om ein medviten strategi om at det ikkje skal henge på nokre få slik at ikkje alt fell saman om ein nøkkelperson sluttar. Relasjonar er viktige, men dei må ikkje bli for snevre, slik at nokon ikkje finn sitt rom i fellesskapen. Tilsette kan til dømes legge meir til rette for at andre kan gjere ei teneste enn å gjere alt sjølve. I St Jakob er det rundt 200 som har ulike oppgåver og det er rundt 400 ulike personar innom ulike aktivitetar per veke. Dette er studentar som kjem frå kyrkjelydar rundt om i landet, dei vil etter kvart dra tilbake med ein viktig kompetanse som kyrkja treng der dei blir buande.

Det er gledeleg at ein her klarar å lage eit tilbod som når mange i aldersgruppa 20-30 år. Det er vi stolte over. Denne gruppa er ei aldersgruppa som det er kritisk viktig at vi klarar å kommunisere med, det syner mellom anna medlemsundersøkinga. Ser ut over deltakarane

på dei fleste søndagsgudstenester rundt om, er det svært synleg at denne aldersgruppa manglar.

Vi nærmar oss 2019-tal på mange område, men utfordringa med å kome tilbake til 2019-tal er stor. Ein må vurdere om alt skal tilbake, eller om ein skal gjere varige endringar i arbeidsformer. Dette arbeidet er vi starta på, og vi vil særleg sjå på dette i nokre av byprostia. Det krev eit tett samarbeid med fellesrådet og sokneråda. For å lukkast må alle nivå sjå på ressursar og arbeidsformer med noko nytt blick. Då må ein og etablere ei nokolunde lik kriseforståing. Det handlar då om besøkstal og om gudstenesteforordning vurdert opp mot andre tiltak. Det handlar om å gjere ein jobbanalyse på kva kompetanse ein treng no, meir enn kva ein har hatt før. Til dømes om kva fordelinga av kapellanar, kateketar og diakonar skal vera? Samlokalisering og felles stab mellom fleire sokn i byprostia kan gje synergjar og være viktig for arbeidsmiljøet, og kan gje meir robuste einingar. Det er ikkje sikkert den typen ord kling like godt hos alle, men ein må våge å sjå på dette med nye auge og med blick for langsiktige løysningar. Bispedømet går inn i dette ut frå fleire perspektiv; arbeidsmiljø, rekruttering og forvaltning av ressursar.

Det er gledeleg at tal rundt dåp, konfirmasjon og vigsle er positive. Talet på kor mange som vel kyrkjeleg gravferd er ganske stabilt. Dette er indikatorar som samla gjev grunnlag for å tenke at kyrkja står sterkt i Bjørgvin. Medlemsundersøkinga som sist vart gjennomført i 2021 understrekar at medlemmane i stort er nøgd med kyrkja si, og med dei tenestene dei får i ulike møtepunkt.

Konfirmasjonstala har nokre stader ein liten negativ tendens. Dette har vi hatt merksemd på i fleire år, og har difor sett inn fleire tiltak over tid. Mellom anna med prosjektet "Saman". Bispedømet har og i 2022 nytta unytta tilskotsmidlar og midlar frå vakansar i prestestillingar svært aktivt inn mot ei omfattande satsing på arbeid med konfirmantar og eldre ungdom. Det at ein då bind seg opp med økonomiske avtalar har medført eit meirforbruk i 2022, og i møte med stramt budsjett for 2023 har bispedømerådet måtta skjerme denne satsinga. Vi trur at dette på lang sikt er heilt avgjerande for rekruttering og oppslutning rundt kyrkja i stort.

Talet på frivillige (ulønna medarbeidarar) gjekk ned under pandemien og er på veg opp, men er framleis 14% under 2019. Bispedømet har dette som særleg satsingsområde, og vil måtte arbeide systematisk og langsiktig saman med kyrkjelydane på dette området. Systematisk arbeid med oppfølging av unge leiarar, rådsmedlemmar og frivillige i stort må bli betre. Nokre kyrkjelydar er svært gode på dette, nokre prosti har gode tradisjonar, men i for liten grad blir tiltak på området kanalisert direkte mot ulike grupper frivillige.

Vi skreiv i 2021 om fleire kyrkjelydar som arbeider systematisk med til dømes digitale gudstenester. Dette gjeld også i 2022. Det digitale har òg opna opp eit større rom for deltaking og tilrettelegging. Det å synleggjere kyrkja som ressurs i lokalsamfunn, i det offentlege Norge, og for den enkelte, krev systematisk arbeid med kommunikasjon. Det er stor forskjell på små lokalsamfunn og dei større byane, men det er viktig å være medviten om det samfunnet ein er del av og ikkje berre av indre-kyrkjelege saker. Kvalitet og engasjement er òg viktig for å auke deltaking på gudstenester og andre aktivitetar i kyrkja.

Mangfald kan være ein ressurs for å synleggjere at det er rom for ulike folk, for ulike meiningar og for ulike uttrykk. Bjørgvin bispedøme har hatt "saman" som del av sin visjon i lang tid, det er ein visjon som forpliktar og som utfordrar. Det har vore arbeidd godt over lang tid med å sikre ei open og inkluderande kyrkje. Ikkje alt av dette arbeidet er synleg. Det skjer mykje godt arbeid med administrasjon, personale eller praktisk tilrettelegging som ikkje må bli undervurdert i eit samla bilde.

I strategien for perioden 2021-2024 ønskjer vi i Bjørgvin å legge til rette for at kyrkja er open, synleg og nær.

Bergen, 3. mars 2023



Vemund Atle Øiestad
bispedømerådsleiar



Gudmund Waaler
fungerande biskop

II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal

Bjørgvin bispedøme er del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og 950 års-jubileet vart markert i 2018. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjør Kyrkjemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av lov om tros- og livssynssamfunn, kyrkjeordninga for Den norske kyrkja, tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå Kyrkjerådet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nærme det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leier prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Diakoni
- Kyrkjemusikk og kultur
- Pilegrim
- Misjon

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer å vere ei tydeleg folkekyrkje både i byar, tettstadar og griskrendte strok av bispedømet.

I Bjørgvin bispedøme var det pr. 31. desember 2022 176 sokn med tilhøyrande sokneråd¹. Det er 43 kommunar og med det 43 kyrkjelege fellesråd. Bispedømet har nært

¹ Aurland har felles sokneråd for fire sokn som har felles statistikk, så i praksis er det 173 einingar.


samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

I bispedømet er det 11 prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.22 tilsett prestar og prostar i 171,65 årsverk, av desse er 154 årsverk i kyrkjelydspresteteneste. Ved bispedømekontoret er det tilsett 16 personar i 16 årsverk. I tillegg til dette har to medarbeidarar på kontoret Felles økonomieining for Den norske kyrkja som arbeidsgjevar.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med Vestland fylke med til saman 646205 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 289 330 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer (døypte) av Den norske kyrkja er høgast. 69,93 prosent er kyrkjemedlemmer i Bjørgvin mot 63,75 prosent i snitt for heile landet.

Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2022

Prosti	Sokn	Medl. (døypte) 2021	Medl. (døypte) 2022	Innbyggjar-tal 2022	Medlemsprosent	Inn-melde	Ut-melde	Endringar i medl.tal 2019-2020	Endringar i medl.tal 2020-2021	Endringar i medl.tal 2021-2022
Bjørgvin (11 prosti)	176	455 250	451899	646205	69,93%	252	1964	-0,59%	- 0,48%	-0,74
Bergen domprosti	6	43146	42675	328375 *	63,56% *	37	256	-0,75	- 1,31	-1,09
Fana	7	72393	72044			27	422	-0,02%	0,26	-0,48
Åsane	11	49735	49360			22	226	-0,51%	- 0,92	-0,75
Bergensdalen	9	45042	44620			37	335	-0,09%	0,05	-0,94
Sunnhordland	23	46718	46421			60184	77,13%	36	164	-1,1%
Nordhordland	13	29262	29135	38307	76,06%	18	109	-0,09%	- 0,18	-0,43
Vesthordland	10	51015	50892	69357	73,38%	25	195	-0,44%	- 0,28	-0,24
Hardanger og Voss	27	34286	33963	44211	76,82%	11	78	-0,63%	- 0,96	-0,94
Sogn	26	23023	22792	29137	78,22%	10	55	-0,83%	- 0,28	-1,00
Sunnfjord	17	35945	35550	76634 **	78,27% **	13	64	-0,56%**	- 0,89	-1,10
Nordfjord	27	24685	24447			16	60		- 0,81	-0,96

Kjelde: Medlemsregisteret for Den norske kyrkja.

* Samla tal for prostia i Bergen, inkl. Austevoll, Bjørnafjorden, Fusa og Osterøy

** Kinn kommune er delt mellom Sunnfjord og Nordfjord prosti, difor er innbyggjartalet slått saman

2 B. Volumtal 2017-2022

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring siste år
Dåpshandlingar	4448	4238	4073	3514	3879	4081	+5,2 %
Døpte	4355	4107	3984	3435	3798	3954*	+ 4 %
Del døpte av fødde			59 %	53 %	56 %	62 %	+ 5,8 prosentpoeng
Konfirmerte	5254	5215	5108	4942	4877	4730	- 3 %
Kyrkjelege vigslar	885	842	748	558	596	948	+ 59 %
Kyrkjelege gravferder	4190	4228	4214	4189	4247	4683	+ 10 %
Gudstenester totalt	8252	8375	8161	6797	7486	7793	+ 4 %
Gudsteneste-deltakarar totalt	744375	734833	722416	320596	348364	576395	+ 65 %

* Dåpstala i Medlemsregisteret (MR), oppdatert 23.02.23, kan vera for låge på grunn av etterregistreringar i følgje Kyrkjerådet. Tidlegare år har dei førebels tala har vist seg å vera om lag 4% for låge.

2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen





	2019	2020	2021	2022
Tal årsverk	182	184	186,6	186
- del av dette som er presteneste	167,7	169,2	169,1	169
Samla tildeling budsjettgr. 1A 1)	152 674	150 636	157 358	160 521
Netto driftskostnadar	154 078	147 893	157 700	162 882
Del løn av driftsutgifter	90,9 %	93,4 %	89,10 %	90,4 %
Del løn brukt i prestenesta 2)	83,4 %	86,0 %	79,5 %	82,2 %
Lønsutgifter per årsverk	772	751	819	792

Tal for del løn av driftsutgifter og lønsutgifter inkluderer personalkostnadar.

III: Aktivitetar og resultat i 2021

3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin

Strategiske mål	Resultatmål		
1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	Oppretthalde talet på deltakarar i gudstenester	Gjennomsnitt søndag går opp frå 47 til 74. Dette er likevel mindre enn i 2019 (89)	
	Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenesta	18 sokn rapporterte om gudstenester med samisk innslag. Dette er ein stor auke	
	Oppslutninga om kyrkjelege handlingar blir halden oppe	Døyppte, konfirmerte, vigslar, gravferder	
	Born og unge lærer om kyrkje og tru	Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak går ned frå 50 til 45 prosent.	
	Oppslutninga om dåp vert halden oppe	Auke i talet på døyppte og del døyppte av fødte i høve til 2021 aukar frå 56 til 62 %	
	Auke i omfanget av trusopplæringstilbod	Snitt timetilbod i kyrkjelydane har gått opp frå 183,7 til 221,6 timar. Høgast sidan 2018	
	Auke i oppslutninga om trusopplæringa	Delen av inviterte som deltok, viser samla sett ein auke nesten tilbake til nivået frå 2019 og åra før, men nedgang i landsomfattande tiltak, bortsett frå Lys vaken.	
	Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	84 % av døyppte 15. åringar som blir konfirmerte. (87 % i 2021)	
1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje	Rekruttering til kyrkjelege stillingar vert styrka	Færre søkjarar til ledige prestestillingar og fleire vakansar enn i 2021.	
	Styrka kompetanseutvikling	186 gjennomførte e-læringskurs	
2.1 Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement	Det er auke i talet på deltakarar frå 57960 til 163676. Dette er betydeleg lågare enn i 2019 (200913).	
	Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt	Talet på sokn med opne kyrkjer gjekk ned frå 87 til 85. Talet på dagar med opne kyrkjer er nesten dobla til 2381.	
2.2 Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt	Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing	Talet på sokn med diakonal betening er det same som i 2021: 76	
3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på	Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Kyrkjelydar som har integrerings-arbeid for innvandrarar har auka frå 16 til 38.	
	Arbeidet med religionsdialog blir styrka	Kirkelig dialogsenter i Bjørgvin har jamn drift.	
	Tilbod for unge i kyrkjelydane blir styrka	Tilbod for 13 – 17 år går marginalt ned, men betydeleg fleire deltakarar. aldersgruppa 18-30 år viser ein sakte vekst, men lågare enn nasjonalt.	

3.3 Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og arena for frivillige	Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben	Sjukefråvær 6,90 for alle tilsette. Dette er ein auke frå i fjor.	
	Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige aukar frå 9299 til 10359. Det er ein del mindre enn i 2019	
	Kyrkja sine verktøy for digital samhandling vert utnytta	Talet på kyrkjelydar som nyttar Skjerikyrkja.no: 124	
	Kyrkja sitt digitale nærvær aukar	Talet på økter og unike brukarar på nettsidene går litt opp, følgjarar på facebook aukar litt.	
	Samarbeidet mellom kyrkje og skule blir styrka.	Tal på skulegudstenester gått opp frå 87 til 370. Det er mindre enn i 2019 (421)	

3 B. Omtale av resultat og måloppnåing

3.B.1. Kyrkja opnar rom for tru

3.B.1.1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet

3.B.1.1.1 Gudstenestelivet

Resultatmål 1.1.1: Oppretthalde talet på deltakarar i gudstenester

Indikator 1.1.1: Gudstenestedeltaking/frekvens (SSB)

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring siste år
Gudstenester totalt	8252	8375	8161	6797	7486	7794	+ 4%
Gudsteneste-deltakarar totalt	744375	734833	722416	320596	348364	576395	+ 65%
Gjennomsnitt tot	90	88	89	47	46	74	+ 59%
Søn- og helgedags-gudstenester	6446	6419	6356	5394	6082	6042	- 0,5%
Deltakarar søn- og helgedags gudst	596696	583734	573070	265726	284141	444171	+ 56%
Gjennomsnitt søn- og helgedagsgudst.	93	91	90	49	47	73	+ 55%
Andre Gudstenester	1806	1956	1804	1403	1404	1752	+ 24%
Deltakarar andre gudstenester	147679	151099	148036	54870	64223	132224	+ 106%
Gjennomsnitt andre gudstenester	82	77	82	39	46	76	+ 65%


Etter at talet på fysiske gudstenester totalt gjekk ned med 17 prosent under pandemien frå 2019 til 2020 er det gledeleg at ein no ser at auken frå 2021 held fram slik at ein berre ligg 4,5% under nivået for 2019.

For gudstenester på søn- og helgedagar er det ein liten nedgang på ein halv prosent i talet frå 6082 i 2021 til 6051 i 2022. Det skuldast nok i hovudsak færre små dåpsgudstenester. Det fører til at gudstenestefrekvensen (tal på gudstenester søn- og helgedagar/tal på sokn/tal på søn- og helgedagar) i Bjørgvin er 56% i 2022 mot 57% i 2021.

Gudstenestedeltakinga har gått opp med 65% siste året og er no 20% under 2019-nivå. Det gjenstår å sjå om dette er det nye nivået eller om dette er ein konsekvens av litt nedstenging i starten av 2022.

Høgtidsfeiring – Er eit tradisjonsskifte på gang?

For å få eit betre bilete av tendensar er det nyttig å sjå på gjennomsnittet på normale søndagsgudstenester halde opp mot deltaking julekvelden.



Deltaking på julekveldsgudsteneste auka med 220 % frå 15779 i 2021 til 50615 i 2022, men var 39 % under 2019-nivå på 70460. Det ein jamn nedgang frå 2011 med 77118 til 2017 med 74568 og deretter ein større nedgang til 70863 i 2018 og 70460 i 2019.

Det same ser ein når ein ser på gjennomsnittleg deltakarar per gudsteneste. Talet gjekk opp 227% frå 48 i 2021 til 157 i 2022, men i 2019 var det 222, ein nedgang på 22%. Det er for tidleg å konkludera, men det er mykje som tydar på ein varig nedgang frå tidlegare nivå fordi folk har endra vanar under pandemien.

Deltaking i julehøgtida har vore i svak nedgang frå eit gjennomsnitt på 252 i 2011 til 222 i 2019, 12%, så tendensen var tydeleg alt før pandemien. Denne nedgangen har vore større enn nedgangen i gjennomsnittleg søndagsgudstenestedeltaking frå 102 i 2011 til 92 i 2019, 10%, noko som kan tyda på at den folkekyrkjelege gudstenestetradisjon står svakare enn før.

Dette er nedgang i alle prosti, det ser ein og i den nasjonale trenden. Samanliknar me prosti for prosti ser me ulikskapane, nedgangen er minst i byprostia og i tradisjonelle bygdeprosti

som Sunnhordland, Sogn og Nordfjord. Samstundes ser me at nedgangen er størst i Hardanger og Voss og Sunnfjord. Det kan varsla om eit tradisjonsskifte som alt har skjedd i Bergen, difor er nedgangen mindre der, og no det skjer i prostia omkring, i Vesthordland og Nordhordland. Om det er same tendens som gjer seg gjeldande i Sunnfjord og Hardanger og Voss som har den største nedgangen er vanskeleg å seia. I tradisjonsrike område som Sogn og Nordfjord er nedgangen og mindre, og det kan tyda på at tradisjonsskiftet er svakare der.

Prosti	Sokn	Julegudst 2019	Juledeltakarar 2019	Julegudst 2022	Juledeltakarar 2022	Prosentvis ending julegudst	Prosentvis ending Juledeltakarar
Bjørgvin (11 prosti)	176	317	70460	322	50615	1,6	-28,2
Bergen domprosti	6	18	4415	17	3282	-5,6	-25,7
Fana	7	34	9245	38	6955	11,8	-24,8
Åsane	11	27	5741	25	4110	-7,4	-28,4
Bergensdalen	9	18	5465	21	4038	16,7	-26,1
Sunnhordland	23	44	10182	44	7831	0,0	-23,1
Nordhordland	13	32	5631	33	3874	3,1	-31,2
Vesthordland	10	22	5934	23	4085	4,5	-31,2
Hardanger og Voss	27	31	7127	31	4512	0,0	-36,7
Sogn	26	27	4343	28	3259	3,7	-25,0
Sunnfjord	17	37	6908	35	4574	-5,4	-33,8
Nordfjord	27	28	5199	27	4095	-3,6	-21,2

Nattverd

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Gudstenester med nattverd	4417	4388	4485	4474	2384	2925	3722
Nattverdsdeltakarar	159950	158303	157086	157020	70309	72590	113284
Gj.snitt nattverddeltaking	36,2	36,1	35,0	35,1	29,5	24,8	30,4

Både talet på nattverdsgudstenester og nattverddeltakarar er høgare enn i 2020 og 2021, noko som kan tyda på at dei kyrkjevante som er flittigare nattverdgjester er på veg tilbake, men ein del er blitt borte eller går sjeldnare sidan 2019.

Strøyma gudstenester og digitale sendingar

Det er mangelfull rapportering av strøyming av gudstenester i SSB-statistikken, berre ein kyrkjelyd som har levert tal. Det er Strusshamn på Askøy og dei har strøyma 52 gudstenester og har registrert 3180 deltakarar, 61 per gudsteneste i gjennomsnitt, men ein veit ikkje kor mange som ser på kvar skjerm, så talet på dei ein når på denne måten er nok ein god del høgare. Det er interessant å merka seg at eit år då NRK har overført gudsteneste på tv er det såpass mange som vel å sjå på ei lokal gudsteneste. Strusshamn strøyma på både Facebook, Youtube og Vimeo, men dei to fyrste er mest brukt. Arbeidet med strøyma gudstenester har positive ringverknader i kyrkjelyden. For andre året har ein ei eiga gruppe med 12 mediekonfirmantar som er med på produksjonar og strøyming.

Andre som strøymar regelmessig er Fitjar kyrkje i Sunnhordland som har strøyma nesten alle gudstenester, 53 gudstenester med 4301 avspelingar, gjennomsnitt på 81 per gudsteneste. Sandviken kirke i Bergen strøyma ca 15 gudstenester i 2022.

Andre digitale sendingar i bispedømet er podkastar frå Birkeland og Søreide menigheter i Bergen. Ungdomskatedralen St Jakob har gudstenestepod kvar søndag i tillegg til andre tematiske podar. Bergen domkirke menighet laga digital adventskalender for tredje år på rad.

Effekt av strøyma gudstenester

Tilbakemeldingar kyrkjelydane får er gode og tyder på at det er tre grupper ein når med strøyma gudstenester. Den fyrste gruppa er dei faste kyrkjegjengarane, det som i medlemsundersøkinga for Den norske kyrkja blir kalla «den grønne gruppa». Desse får på denne måten høve til å delta i si lokale kyrkje sjølv om dei etter pandemien går sjeldnare, men dei kjem og til fysiske gudstenester. Strøyma gudstenester er slik eit supplement til og ikkje ei erstatning for den fysiske gudstenesta.

Den andre hovudgruppa er folk i «den gule gruppa», som ikkje er faste kyrkjegjengarar, men positive og som finn ein lågare terskel til å vera med gjennom strøyma gudstenester. Det er familiar til konfirmantar og dåpsbarn og andre som normalt ikkje ville tatt turen ein søndag.

Den tredje gruppa er folk som av helsemessige grunnar, til dømes alderssvekking eller sosial angst ikkje kjem seg ut. Når ein vurderer verdien av nettbaserte gudstenester, er det eit poeng at ein tar med denne ofte usynlege, men viktige diakonale inkluderande funksjonen desse gudstenestene har, ved sida av at ein legg til rette for deltaking og styrking av det åndelege livet. Slik fungerer desse gudstenestene og inkluderande, som ein del av kyrkja si universelle utforming.

Vår vurdering er at kyrkjelydar som gjer dette til ein normal del av kyrkjelyden sitt liv ved å inkludera frivillige i strøyming, får ein gevinst både ved å opna opp for ein ny type frivillig teneste og ved å nå lenger ut i lokalsamfunnet.

Eit viktig spørsmål er: Gir strøyming av gudstenester lågare oppmøte?



Framsida på Askøy menighetsblad: Johannes Løchen har vært ivrig med på streaming av gudstjenester fra Strusshamn kirke fra starten i 2020. Mest av alt er han en ivrig lydtekniker, og han har hatt ansvar for montering av sal-mikrofoner og lagt infrastruktur i gulvet. Foto: Johannes Kyte

Nei, det ser ikkje slik ut. Bispedømet hadde ein nedgang i gjennomsnitt på søndagsgudstenester på 18% frå 90 i 2019 til 73 i 2022. Sandviken kirke hadde ein nedgang i gjennomsnitt på søndagsgudstenester på 18% frå 54 i 2019 og 44 i 2022. Strusshamn hadde ein nedgang i gjennomsnitt på søndagsgudstenester på 18% frå 166 i 2019 og 136 i 2022. Fitjar kyrkje hadde ein nedgang i gjennomsnitt på søndagsgudstenester på 21% frå 124 i 2019 og 97 i 2022. Dette viser at både Strusshamn og Sandviken ikkje har hatt større nedgang i høve til 2019-nivå enn bispedømet, men Fitjar har hatt ein nedgang på 3 prosentpoeng. Men dersom ein inkluderer digitale deltakarar har Fitjar hatt ein auke på gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på 43% og Strusshamn har hatt ein auke på 18% i forhold til 2019-nivå.

Oppsummert vil vi seia dette har vore positivt for kyrkja vår. Både dei som sender gudstenester og dei som ser på skjerm melder om positive følgjer. Etter å ha følgd kyrkjelydane sin digitale aktivitet i tre år er vår konklusjon:

- Nettbaserte gudstenester er ein måte å vera kyrkje på og å delta i gudstenesta på, det er ein ny arena og ikkje eit surrogat.
- Strøyming av gudstenester ser ikkje ut til å påverka gudstenesteoppmøtet negativt.
- Strøyma gudstenester gjer at dei fysiske gudstenester når lenger ut.
- Det er ein del av kyrkja sin universelle utforming og diakonale nærvær.
- Folk ynskjer lokale nettgudstenester heller enn nasjonale produksjonar
- Den digitale arena opnar for eit breiare tilbud enn berre tradisjonelle gudstenester
- Har potensiale til å rekruttera fleire og andre frivillige.

Difor er det viktig å ta vare på den kompetansen kyrkja vann under pandemien slik at ein styrkar kyrkja sitt digitale nærvær i samfunnet og hjelper kyrkjelydane og dei tilsette med kompetanse og strategiske tenking.

3.B.1.1.2 Samisk språk i gudstenester

Resultatmål 1.1.2: Fleire sokn inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Indikator 1.1.2: Talet på sokn med samisk innslag i gudstenesta

Ingen kyrkjelydar i Bjørgvin har med samisk i den lokale gudstenesteordninga.

I 2022 var det 18 sokn som rapporterte om gudstenester med samiske innslag (941 deltakarar) mot 8 i 2021, 3 i 2020, 9 i 2019, 9 i 2018, 3 i 2017 og 4 i 2016.

Det er berre i Bergen det er samisk gudsteneste og samisk kyrkjekomite. Den årlege samiske gudstenesta i Mariakirken i Bergen domkirke menighet 18.desember vart gjennomført med 22 deltakarar sjølv om nordsamisk prest frå Nord-Hålogaland vart forhindra pga. kansellert fly. I staden var det enkel gudsteneste med fadervår og velsigning på nordsamisk og konsertprogram med ein kyrkjemusikar med samisk bakgrunn med både julesalmar og musikk bygd på samiske tradisjonar og postludium med joik.

3.B.1.1.3 Kyrkjelege handlingar

Resultatmål:1.1.3 Oppslutninga om kyrkjelege handlingar vert halde oppe

Indikator 1.1.3: Tal på døypte, del døypte av tal på fødde, del konfirmerte av medlemmer i kyrkja, tal på vigslar, del gravferder av tal på døde medlemmer. (MREG og SSB)

Dåp, tal på døypte, del døypte av tal på fødde sjå 3.B.1.1.5

Konfirmasjon

Del confirmerte av døypte 15-åringar

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Prosentvis endring 2021-2022
Konfirmerte	5287	5254	5215	5108	4942	4877	4730	- 3%
Konfirmerte av døypte 15- åringar	92 %	89 %	90 %	87 %	86 %	87%	84 %	- 3 prosentpoeng

Med 84% konfirmantar av dei døypte vil vi seie at oppslutninga om konfirmasjon framleis er stor i Bjørgvin, sjølv om det er ein nedgang frå i fjor på tre prosentpoeng i del confirmerte av døypte 15-åringar.. Det er mange lokale variasjonar som kan vera ein grunn til nedgangen, men ein kan vel seie at det fylgjer trenden. Humanetisk forbund har eit godt etablert tilbod for borgarleg konfirmasjon og gjev avslag i prisen dersom foreldra melder seg inn, dette kan ha gjeve utslag nokre stader. Det er og ei trend at færre vel å ha konfirmasjon, altså korkje kyrkjeleg eller borgarleg/humanistisk. Ein kan nok seie at konfirmantåret 2021/22 også for konfirmantane var prega av pandemi, då dei fleste har konfirmasjon om våren.

Det har blitt vanskelegare å nå ut med informasjon til aktuelle 14-åringar enn før, og nokre år med unntakstilstand, med enklare opplegg og avlysing av deler av opplegg, kan også ha gjort utslag for nedgangen.

Sentrale strok har størst nedgang i konfirmanttalet, medan det i Nordfjord har 100% og i Sogn og Sunnfjord like i underkant av det. Handlar dette om god prestedekning eller at ein har meir attraktive tilbod i distrikta? Her er det nok meir på tross av prestedekning, og det er også større sjans for at tilboda er ganske tradisjonelle i distrikta. Men oftast er det godt nok, og meir enn godt nok. Prestar og andre tilsette gjer ein utmerka jobb med konfirmantar. I distrikta er det tradisjon for at ein konfirmerer seg om ein er kyrkjemedlem, men nærmare større byar er ting meir i flyt. Der ser ein at om medlemskap i kyrkja kanskje betyr mindre enn kva vener gjer. Her er fleire tilbod som i større grad blir vurdert som likestilte eller like gode, og valet blir styrt av preferansar og kva andre seier. Konklusjonen er at det å ha attraktive konfirmanttilbod er viktigare i sentrale strok, for slik også å få med seg dei usikre.

Bispedømet's satsing inn mot konfirmantarbeidet

For å hjelpa kyrkjelydane med konfirmantarbeidet har bispedømet brukt unytta trusopplæringsmidler og satsa på to tiltak som delvis fell saman: prostivise samlingar og samarbeid med kristne ungdomsorganisasjonar:

Meir om ungdomssatsinga og «Strategiske fellestiltak frå bispedømet», sjå kapittel 3.B.3.2.5 Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne.

Prostivise konfirmantsamlingar med «Saman-teamet»

I Nordfjord og Sunnfjord prosti har det vore eit samarbeid mellom KFUK-KFUM, prostiet og bispedømet om dagsleirar, ein i Operahuset i Nordfjordeid og ein i Idrettshallen i Gaular.

Her har bispedømet hatt innhaldet, med fellessongar, dans og forkyning, med det såkalla «Samanteamet» Det er eit band med forsongarar som har eit program som og inneheld forkyning ved Thor Haavik. KFUK-KFUM har stått for aktivitetar og det praktiske, og sokna i prostiet har kome med alle sine konfirmantar. Dette har fungert godt og begge desse prostia

ønsker å halde fram med dette også i 2023. Nordhordland og Sunnhordland prosti vil ha det same i 2023, så det teiknar seg eit bilde av gode dagsleirar med alle i prostiet.

Denne satsinga har synlege ringverknadar og vert lagt merke til lokalt. Avisa Hardanger folkeblad hadde reportasje frå den felles konfirmantleir for heile Ullensvang kyrkjelege fellesråd i Jondal. Det var ein av dei plassane vi vitja i 2021, og som nå tek i bruk mykje av programinnhaldet frå «Samanteamet», og lager sin eigen leir utan direkte hjelp frå oss.

Samarbeid om konfirmantarbeidet med KRIK og KFUK-KFUM Norge

Vi har og eit samarbeid om KRIK leir i vinterferien. KRIK tek ansvaret for 4-dagars leir. Leiren har vore fullteikna med 400 konfirmantar og held fram i 2023. Bispedømet har gitt økonomisk støtte frå unytta trusopplæringsmidler. KFUK-KFUM vil lage ein tilsvarande leir i haustferien. Begge organisasjonane nyttar sine nasjonale program KRIK-action og Camp Norefjell tilpassa bispedømet's geografi. Begge organisasjonane har ein plan for korleis ein kan hjelpa sokna i etterkant til å få til meir ungdomsarbeid. Det er ein føresetnad for samarbeidet.

Vigsler

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal kyrkjelege vigsler	967	1033	900	882	847	748	558	596	948

Talet på vigsler har gått opp med 59% frå 2021 til 2022. Prostane melder at bak desse tala ligg mange som utsette vigselen frå 2020 og 2021 fordi koronarestriksjonane gjorde det vanskeleg å ha den bryllaupsfesten dei hadde planlagt.

Gravferder

Tal på gravferder, del gravferder av tal på døde medlemmer.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal kyrkjelege gravferder	4400	4263	4185	4258	4214	4189	4247	4683
Prosent kyrkjeleg gravferd av døde totalt	91,8	88,6	90,2	90,1	90,9	87,9	87,6	87,4

Talet på kyrkjelege gravferder er relativt stabilt, delen som vel kyrkjeleg gravferd har gått marginalt ned med 0,2 prosentpoeng. Talet på gravferder er 10,3% høgare i 2022 enn i 2021 fordi det var fleire dødsfall (5356 i 2022 mot 4850 i 2021).

Det er i 2022 registrert frammøte ved gravferd, 413 213 mot 214 386 i 2021, men desse talar kan ikkje samanliknast p.g.a. restriksjonar på deltaking i gravferd i 2021.

3.B.1.1.4 Trusopplæring

Resultatmål: 1.1.4 Born og unge lærer om kyrkje og tru

Indikator 1.1.4: Deltakerandel i utvalde, landsomfattande tiltak. (Planverktøy trusopplæring)

Opplæringstilbod i timar (snitt)

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tilbod timar	214,2	223,3	216,3	171,2	183,7	221,6

Det er ein auke i snitt gjennomførte trusopplæringstimar på 37,8 timar frå 2021 til 2022 og dette er på nivå med tida før pandemien. Det var utfordringar med gjennomføring i 2022 også, som i 2020 og 2021, men i mindre grad. Det ser ut som at kyrkjelydane har funne smarte måtar å gjere ting på slik at ein likevel har fått til å tilby mange og gode opplæringsaktivitetar. Det kan vere eit resultat av langsiktig og grundig arbeid i bispedømet med å hjelpa kyrkjelydane å finne tilbod som fungerer for målgruppene.

Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak

	Dåps- samtale	4 års- bok	6 års	Tårn- agent	Lys vaken	Konfir- masjon	Året etter konf.	Samla på desse tiltaka
Deltakarar 2022	3756	1517	1113	902	856	4724	264	13132
Døypte i målgruppa* (inviterte) 2022	3847	3858	5250	3807	4437	5647	2141	28987
Prosent 2022 av inviterte	98	39	21	24	19	84	12	45
Prosent 2021	102	45	29	26	22	86	10	50
Prosent 2020	98	39	28	26	23	86	14	52
Prosent 2019	103	42	30	29	25	87	8	48
Prosent 2018	101	48	31	25	26	88	9	48
Prosent 2017	101	48	30	25	27	90	12	49

* Målgruppe er døypte i den aktuelle alderen som bur i sokn som hadde tilbod for aldersgruppa i 2021 og difor vart inviterte, altså ikkje heile årskullet.

Oppmøte i utvalde landsomfattande breiddetiltak

	Dåps- samtale	4 års	6 års	Tårn- agent	Lys Vaken	Konfima- sjon	Etter konf	Totalt
2022	3756	1517	1113	902	856	4724	264	13132
2021	3709	1744	1206	913	753	4850	291	13466
Endring 21-22	47	-227	-93	-11	103	-126	-27	-334
Prosentvis endring 21-22	1,3%	-15,6%	-7,7%	-1,2%	13,7%	-2,6%	-9,3%	-2,5%

Totalt sett er det ein liten nedgang på deltakarar på dei utvalde tiltaka frå 2021 til 2022. LysVaken går markant opp medan 4-årsbok går mest ned. I 2021 var det ein del som fulldistribuerte 4-årsbok ved utdeling i postkassar og på anna vis for å nå ut, i 2022 gjekk ein mange stader tilbake til vanleg metode med oppmøte på gudsteneste og difor går talet ned. For LysVaken sin del vart det lettare å gjennomføre i 2022 enn året før og difor lukkast ein betre med det. Både statistikk og samtalar med prostane og kyrkjelydane tydar på at ungdomsarbeid har fått seg ein knekk dei siste åra, og det er grunn for å følgje med på tala for tida etter konfirmanttida for å sjå om dette er varig eller mellombels.

Alle dei *utvalde tiltaka* etter dåpen bortsett frå Lys vaken har nedgang i prosentpoeng for oppmøte. Seier dette noko om ein ny normal? Rådata frå planverktøyet for trusopplæring viser at det over tid er blitt færre tiltak og færre totalt gjennomførte timar. Tala her er rapportert frå einingane og det kan vere feilkjelder, til dømes korleis ein tel frivillige, eller kven ein tel med i høve kven som er tilsett i trusopplæringa. Ein faktor er at medlemstalet har gått ganske mykje ned på åtte år. Det er fleire årsaker: utmelding, nedgang i dåpstal, lågare årskull, flytting/sentralisering og arbeidsinnvandring/annan innvandring som har ført til større religiøst mangfald.

Ein grunn til glede er at vi årleg når om lag ein av tre i målgruppa og at vi har gjort det over tid. Det betyr at barn og unge gjennomsnittleg tek del i seks ulike aktivitetar i trusopplæringa, altså at dei er innom på eit eller fleire arrangement kvart tredje år. Likevel ønsker vi at det skal bli 100% - at alle barn og unge opp til 18 år er med på minimum ein aktivitet kvart år i regi av trusopplæringa. Den totale oversikten viser at det er gjort fleire gode grep som dersom alt går bra vil føre oss nærare målet i åra som kjem. Sidan denne oversikten tek med alle aktivitetane får ein eit betre bilete av tilstanden enn ved berre å sjå på utvalde tiltak.

Oversikt over alle trusopplæringsaktivitetane

År	Gjennomførte tiltak	Timer gjennomført	Frivillige	Årsverk	Medlemmer 0 til 18 år	Deltakarar	Prosentvis deltakarar av medlemmer 0-18 år
2022	1280	16623	4139	67,13	85784	28533	33,26 %
2021	1081	14791	2924	59,46	86691	24612	28,39 %
2020	916	13275	3110	68,05	88806	20714	23,33 %
2019	1390	17242	5167	61,94	92724	30938	33,37 %
2018	1473	18387	5709	59,86	94015	31542	33,55 %
2017	1454	17680	5917	57,98	96529	32588	33,76 %
2016	1492	19297	6311	58,27	98424	34173	34,72 %
2015	1471	19116	5487	59,87	99375	31070	31,27 %

Vi når prosentvis fleire enn tidlegare sjølv om vi har færre tiltak. Det betyr at dei tiltaka som blir arrangert når fleire enn før, og at ein ved å auke litt opp på tiltaka kan nå fleire.

Prosten i Voss melder: «*Pedagogane... er ikkje redde for å prøve nye arbeidsformer. Vert det ikkje vellukka, så justerer dei tiltaka eller prøver noko anna.*» Når dei andre prostane melder om ting som går så bra at det er verd å nemne i ei årsmelding er det ofte tiltak frå trusopplæringa (eller diakoni). Døme er: Kvardagsmiddag i Manger, Etter skuletid i Erdal og Ask, Knøttetreff i Strusshamn, kirketirsdag i Tveit, Sprell Levande kyrkje i Fyllingsdalen. Pågangsmotet og evna til nytenking er stor i mange kyrkjelydar i arbeidet med trusopplæringa.

Metodikk i rådgjeving

Ved årssamtalane i trusopplæring arbeidde vi ut ein heilt enkel trafikklysmodell for trusopplæringstiltak ut frå det som blei fortalt av medarbeidarane.

GRØNT- «Det som fungerer bra, fungerer bra!» Ein del stader fungerer det flott med LysVaken, Tårnagent, å leggje dei fleste trusopplæringstiltak til søndagen i gudstenesta osv. Hald fram med det som fungerer!

GULT- Noko skiftar med årskull og kan fungere veldig bra eitt år, og ikkje så bra neste år. Då er det lurt å sjekke litt over tid – korleis er utviklinga, og eventuelt endre litt.

RAUDT- Dersom det er noko de slit med (eller at tiltaket aldri har fungert) – bør ein kanskje endre det. Forslag til justering: Slå saman kull. Ha enklare opplegg. Ha oftare samling – til dømes tre samlingar heller enn ein.

Det som er grønt ein plass kan vere gult eller raudt andre stader. Det betyr at det ikkje er fasit på kva tiltak som fungerer – ting er avhengig av lokale føresetnadar.

Utfordringar i trusopplæringa

Fleire melder om sosiale utfordringar knytt til manglande sosial trening: Ein del barn og unge ikkje veit ikkje korleis dei skal oppføre seg i skule, i konfirmanttimar eller på gudsteneste.

Fleire enn før har trong for tilrettelegging på grunn av uro, usikkerheit, angst, depresjon, og ymse litt vage diagnoser.

Sosiale media kan vere ein identitetstrugande spegel. Det er spørsmål rundt identitet, kven ein er og korleis ein vil framstå. Klarer vi som kyrkje å gi barn og unge livshjelp og presentere det kristne håpet?

Ein av pedagogane skisserte to punkt som svar på utfordringa. I alt vi gjer bør vi formidle:

- Du er elska! Som den du er – skapt unik – med unike evner/talent og erfaringar.
- Du kan bidra! Fellesskapet og andre menneske treng at du gjer din del, tek din plass, nyttar dine gåver og evner til beste for andre - og deg sjølv.

Vi må speide etter det gode og sjå dei når dei lukkast. Og så må vi skape miljø og fellesskap med aksept (ein er elska og kan bidra) slik at ein kan vere trygg nok til å møte andre sine blikk. For å skape gode og trygge rammer må ein kanskje også trygge foreldra på det same – og ha kurs og samlingar for konfirmantforeldre og andre? (Byggje ut og justere dei tilboda vi allereie har).

Kritiske suksessfaktorar

Det er fleire områder vi må arbeide vidare med. I trusopplæringa er ein heilt avhengig av gode årshjul og god langtidsplanlegging i stab – slik at ein kan fordele aktivitetane utover året og tilpasse dei til andre ting ein gjer i kyrkjelyden. Ein er også avhengig av gode stabsmøter eller andre lokale treffpunkt der ein kan få arbeide med dei ulike sentrale dimensjonane i trusopplæringa (og kyrkjelyden) – og for at ein skal få til Vi-tanken i trusopplæringa. Det kan vere einsamt og slitsamt dersom ein kjenner seg åleine om arbeidet. Her har vi også det tverrfaglege samarbeidet, at ein faktisk står saman om å løyse oppgåvene ut frå ulike evner og roller. Og så ser vi at gudstenesta har ei stor rolle i trusopplæringa, men at det ikkje alltid blir vinn-vinn å ha trusopplæringstiltak i gudstenesta fordi det kan vere litt mange ulike interesser og ønsker.

Suksessen til trusopplæringsreforma er tufta på nokre prinsipp, og det er kritisk viktig å ikkje undergrave dei no med den følge at ein ikkje får frukta av innsatsen som er lagt ned så langt.

Vi erfarer at det er ein del vakanse og permisjonar i stillingar i både linjer, og at det fører til meir press på dei som er att. Løyvingane føl ikkje pris- og lønsvekst, og mange fellestråd har

trong økonomi som gjer at det vert kutta i stillingar. I tillegg var reforma underfinansiert. Der ein kuttar økonomi må ein også kutte oppgåver. Der ein legg ting inn på toppen av arbeidet ein allereie har risikerer ein også noko. Ei fare vi ser er at tilsette i trusopplæringa tek over oppgåver frivillige eller andre tilsette har gjort før - og får slik mindre tid til å få gjort det ein eigentleg er tilsett for å gjere.

Det er også viktig å framleis vise truskap mot breiddetenkinga: Vi vil at alle skal bli døypt, konfirmert, og ta del i minimum eit tilbod kvart år. Då er det viktig å ikkje tenkje at ein har løyst dette ved å tilby kor og søndagsskule. Vi treng både djupne og breidde og det har vi arbeidd seriøst med i Bjørgvin heile tida ved utrulling av trusopplæringsreforma. God struktur og organisering gir god trusopplæring, men det ser ulikt ut ulike stader.

Døme på gode lokale tiltak for å møta utfordringar:

- I Samnanger har dei Kompis for 5-7. trinn like etter skuletid på ein kort skuledag. Dei har laga plan for innhald over tre år for aktivitet kvar veke – og dette er ein del av trusopplæringsplanen deira. No har dei lagt andre tiltak på ettermiddag og kveld same dagen for å gjere ting enklare. Andre stader gjer dei tilsvarande med å samle det meste av arbeidet til ein vekedag (superonsdag).
- I Åsane brukar dei årshjulet godt for å fordele breiddetiltaka utover året slik at arbeidskvardagen skal fungere.
- I Odda har dei funne ein metode med samlingar på same stad tre veker etter kvarandre like etter skuletid (til dømes 13.30-15.30) for 5.-7.trinn og så går ein vidare til ein ny stad og rullerer slik samlingar i tre ulike sokn. Det gjer at kvar deltakar får tilbod om minimum seks samlingar i året (haust og vår). Og pedagogen får gjort arbeidet på dagtid og fordeler oppgåvene utover året.

Alt i alt er trusopplæringa i Bjørgvin på eit godt spor. Og arbeidet har stort potensiale til å fornye arbeidet i kyrkjene ennå meir.

3.B.1.1.5 Fleire i Bjørgvin vert døypte

Bjørgvin bispedøme sin strategi 1:

Fleire i Bjørgvin vert døypte ved å:

- styrke kyrkjelyden sitt oppsøkjande arbeid med å forkynne evangeliet til tru
- formidle at trua er ei gåve som ein mottek i dåpen
- invitere folk i alle aldrar til å ta i mot dåpsgåva



Resultatmål 1: Oppslutninga om dåp vert halden oppe

Dåp	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Dåpstal	4674	4355	4107	3984	3435	3798	3954*
Dåpskull/fødde			6864	6745	6488	6749	6369
Døypte av fødde			60%	59%	53%	56%	62%

*Tal frå medlemsregisteret, oppdatert 23.02.23

Dei førebels dåpstala for 2022 viser ein 4% auke frå 2021. Det var ein auke i talet på dåp som var større enn auken i årskullet og dåpsprosenten av fødde auka frå 56% i 2021 til 62% i 2022. Dåpstalet er tilbake på nivået i 2018-19. Fødselskullet har auka siste to år og auken i dåp har vore større. Kva som skuldast etterslep i dåp frå 2020 og 2021 og kva som eventuelt skuldast ulike aksjonar for å få opp dåpstala er vanskeleg å seie.

Det var mykje kreativitet og tilrettelegging rundt dåpen i koronatida, med dåpsgudstenester på andre tider og med annan samansetning av deltakarar, med berre familie og ikkje kyrkjelyden. Det har vore mykje skreddarsaum, og det fekk ein gode tilbakemeldingar på, men det var også ekstra arbeid. No når det vanlege arbeidet har tatt seg opp igjen, er det ei utfordring å leggje til rette for dei ulike ønska som finnest blant folket balansert med kva ressursar ein har i kyrkjelyden.

Det har vore ulike dåpsaksjonar fleire stader i bispedømet.

I Bergen var det annonsert drop-in-dåp («Aksjon dåp») på laurdag 1. oktober i Johanneskirken, laurdag 5. november i Nykirken og Mariakirken. Her blei det til saman døypt 10 personar: 2 godt vaksne, 3 i konfirmasjonsalder, 1 10-åring, de 4 andre frå 0 til 3 år. Ein opplevde ei positive konsekvensar av drop-in på ein annan måte enn ein kanskje hadde venta: Ein opplevde at dette var tverrfagleg samarbeid, at folk nytta dei evnene dei hadde og fekk prøvd seg på nye ting i ei ny setting. Det bygde altså fellesskapet i staben – litt uavhengig av kor mange som kom på drop-in dåpen.

På Tysnes i Sunnhordland prøvde dei for første gang drop-in-dåp hausten 2022, ein fredag ettermiddag mellom kl. 15.30 og 17.30. Dei kalla det «Dåp utan stress». Her vart 9 barn og unge døypte. Dei vart overraska over kor mange som kom, og det vart ein flott ettermiddag.

Prosten i Sogn kom med eit nytt perspektiv i prostesamtalen i møte med ekstra aktivitetar for å marknadsføre dåp. I Sogn er det vanleg at ein døyper borna. Å nytte krefter på å marknadsføre tilbod om drop-in-dåp og andre dåpssatsingar kan der gi folk eit anna inntrykk enn det dei har. Å stille spørsmål ved det sjølvsegte kan gjere det sjølvsegte (dåp) mindre sjølvsegte.

3.B.1.2. Fremjer verdiar som utfordrar og som bygger eit godt samfunn for alle

3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rom

Resultatmål: 1.2.1 Kyrkja deltar aktivt i samfunnsdebatten og på ulike arenaer i det offentlege rom

Indikator 1.2.1: Kvalitativ vurdering

«På troen løs» - omfang og oppslutning

Biskop Halvor inviterte profilerte samfunnsaktørar til samtale på Litteraturhuset i Bergen, også i 2022. Alle samtalar er gjort tilgjengelege på nett i ettertid og sjåartala her syner verdien av denne investeringa. Spørjeundersøkingane etter kvar samtale har ei overvekt av stemmar som ønskjer at dette tilbodet må halde fram, sjølv om initiativtakar biskop Halvor no har blitt pensjonist. Her vil ny biskop finne si rolle og si arena for dialog om det som er vesentleg for kyrkja å engasjere seg i.

9. mars. Er det rom for skeive? Gjest: Elisabeth Meling, leiar av Skeivt kristen nettverk
52 tilstades. 435 sjåarar klikka seg inn på nettsendinga. (170 unike).

20. april. Menneskesonen . Gjest: professor em. Sylfest Lomheim
33 tilstades. 93 klikka seg inn på nettsendinga. (37 unike)

7. september. Ei venstrevridd kyrkje? Gjest: professor em. Jan Ove Ulstein
35 tilstades. 51 visningar. (21 unike).

26.oktober: Duell i solnedgangen. Gjest: Christian Lomsdalen, leiar i Humanetisk forbund.
71 tilstades. 328 visningar. (133 unike).

Kyrkja i det offentlege rommet

Bjergvin Bispedøme har frikjøpt kapellan Thor Haavik til å laga videoar som kan synleggjera kyrkja sin bodskap og nå lenger ut enn gudstenesta gjer.

Før påsken 2022 slapp Tro & Medier serien: "Oppstandelsen" produsert av TV Inter om Jesu oppstandelse er historisk troverdig. Den inneheld tre episodar på 20 minutt kvar. Serien blei omtala både i VG, BT og ei rekke andre aviser som hadde fanga opp NTB sin artikkel. Serien blei lagt gratis tilgjengeleg på YouTube og første episode blei sett over 36 tusen gonger.

I løpet av 2022 blei det spelt inn og sleppt seks videoar på SoMe. Det var korte filmar spelt inn med profesjonelle aktørar. Filmane som varierer frå 1,5-4 min handlar om kristen tru eller gode verdiar som kyrkja formidlar. Dei sikta mot å nå "gul-gruppe".

Filmane hadde i snitt over 30 000 visningar og over 3 000 liker-klikk. Dei blei sleppt både på YouTube, Facebook, Instagram og TikTok. I tillegg til desse seks videoane blei det også laga ein video om nattverd, som er tenkt skal fungera godt til konfirmant-opplegg og som ein introduksjon for menneske som går til nattverd for første gong.

Presseklipp

Det vart i 2022 registrert 562 presseklipp på biskop Halvor Nordhaug. Det er nokon fleire enn i 2021 (507). Biskopen er registrert med åtte ulike lesarinnlegg, men med same innlegg i fleire aviser/på nett, har han 15 (i tillegg er eit lesarbrev for Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon spreidd i 18 utgåver).

I hovudsak var det to tema som fekk mest oppslag:

- Saker knytt til skifte av biskop med både prostituerte, avskil og fleire rundar i prosessen med å finna ny biskop
- Kjønnsidentitet, syn på homofili og kritikk av teaterstykke som framstiller Jesus som transperson.

Presseklipp biskop Halvor Nordhaug 2022 – 12 på topp	KLIPP
Ny biskop	68
Visitasar og nokre andre besøk	38
Bispemøtet sin uttale der dei beklagar tidlegare syn på homofili	32
Kritikk av teaterstykke som framstiller Jesus som trans	27
Prostituerte hausten 2022	25
Debatt om kjønnsidentitet, bruka av ordet Hen for Gud m.m.	20
Ulike kyrkjejubileum	20
Ukraina og krigen	18
Ny prost i Nordfjord	18
Fasteaksjonen	17
Debatt om ny Bibelomsetjing, særleg om orda slave vs. tenar	14
Forkynnande kronikk om evig liv og avskilspreika på trykk	14

Johan Nordahl Brun-prisen

Utdelinga av Johan Nordahl Brun-prisen er ein årleg arena for eit møte mellom biskopen og publikum. Kantor Knut Christian Jansson vart kåra til vinnar av Johan Nordahl Brun-prisen 2021. På grunn av pandemien vart prisen først delt ut av biskopen 13. november 2022. Jansson fekk denne brubyggjarprisen for kreativitet og kvalitet i sitt omfattande arbeid med korsong og kyrkjemusikk i Fridalen i Bergen. Vi siterar frå forslagsstillar, Fridalen menighet:

«Fridalen kirke er musikk- og kulturformidling en hjørnestein i menighetens arbeid og en viktig bro ut til hele nærmiljøet og byen forøvrig. Menighetens gutte-, jente-, knøtte- og ungdomskor samt nystartet mannskor har i alt 120 medlemmer. Knut Chr Jansson er en tydelig formidler av kirkelig tradisjon og kjerneverdier - samtidig er han, hans dyktige medhjelpere og entusiastiske korbarn ikke redd for å gå nye veier.»

Tverrfagleg nytenking om utvikling av pilegrimsmålet Røldal

Pilegrimsutvala i Stavanger og Bjørgvin bispedøme har felles glød for utviklinga av pilegrimstradisjonar på Vestlandet og samarbeidar tett om aktivitetar over «sjø og land»:

Ullensvang kyrkjelege fellesråd og Røldal sokneråd inviterte til samarbeid om seminar under Røldalsstemnet i juli: «Røldal – der vegane møtast»:

Med utgangspunkt i den kristne tradisjonen kring Pilegrimsmålet Røldal og Røldalsstemnet vart det rigga til møte mellom pådrivarar og nytenkjarar frå kyrkje, fylke, kommune, kulturminnevern, museum, turisme og stadsutvikling. Det vart presentert og samtala om korleis ulike miljø klokt kan spela saman om utvikling av pilegrimsmålet og pilegrimsleden til Røldal.

Seminaret var del av ei heilskapleg helg med mottak av pilegrimar frå både Stavanger og Moster, pilegrimsgudstenester og det nyskrivne Røldalsspelet «Den lange vegen»

Auka medvit om aktualiteten av våre kristne grunnverdier

Ei raud tråd i biskopen sine samtalar i 2022 har vore å auke medvitet om dei kristne verdiane i dei historiske jubilea vi no går inn i; og inspirere kyrkjefolk til aktivt å engasjere seg i dei pågåande debattar og prosessar kring kristenrettsjubileet Moster 2024, Magnus Lagabøte-jubileet i 2024 og vidare Stiklestad 2030. Mottoet er «Feire fortiden – Forme fremtiden» (Moster 2024)

Biskopen i Bjørgvin tek aktivt del i hovudkomitéen for Moster 2024 og programkomitéen for Magnus Lagabøte-jubileet, og kjem med innspel til profil og program for markeringane og oppfordrar samstundes sokna i bispedømet til å vere aktive bidragsytarar i verdisamtalar i sitt lokalmiljø.

3.B.1.2.2. Samhandling med trus- og livssynssamfunn

Resultatmål: 1.2.2 Kyrkja samhandlar med ulike trus- og livssynssamfunn

Indikator 1.2.2: Kvalitativ vurdering (med kven og korleis)

Statistikken viser 28 økumeniske gudstenester mot 34 i 2019. Prostane melder at det mange stader er lokalt økumenisk samarbeid om gudstenester, men det varierer mykje alt etter kva andre trussamfunn som er i lokalsamfunnet. Fleire stader leiger ein ut kyrkjer til migrantkyrkjelydar, til dømes i Sogndal og Bergen der ein har leigd ut kyrkjer til ortodoks gudsteneste for eritrearar.

Trus- og livssynsdialog

Tal på fora for religionsdialog

Kirkelig dialogsenter Bergen (KDB) er vårt forum for religionsdialog. Senteret arbeider med trus- og livssynbasert dialog, mellom anna livssynbasert dialog med og for ungdom (gjennom tiltaket "Inter"). Senteret har samtalegruppe om tru mellom aust og vest, og arrangerer "Pusterom" med vekt på kristen meditasjon. Dei har arrangement ved Mangfaldsveka og tek del i besøk til ulike trussamfunn i samarbeid med STL (Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn).

Alternativmessene har vore i endring dei siste åra. Ulike miljø driv med ulike messer og ting er litt i flyt om kven som arrangerer og når. Det var ei messe ved starten av pandemien i Bergen i mars 2020, og så var det ny messe i oktober 2022 med ulike tilskiparar. Messene i Bergen har vore representert med kyrkjeleg stand i mange år, og har blitt tverrkyrkjeleg betjent med heile bredda i kyrkjelandskapet representert. Kirkens SOS har vore administrativ ressurs, og leia arbeidet og Areopagos har vore ein god støttespelar. Kyrkja har oftast hatt

seminar på messene og har mellom anna hatt tema om sjølvmoordsførebygging (ved Kirkens SOS). Ved messa i 2022 var Kirkelig dialogsenter tilretteleggjar for kyrkja sin stand. Messene er viktige lyttestader for å bli kjent med alternativ tenking og spiritualitet, for å byggje ned fordommar mot kyrkja og for å finne ut kva religiøsitet som rører seg mellom folk som tek del ved slike messer.

3.B.1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje

3.B.1.3.1. Rekruttering

Resultatmål: 1.3.1 Rekruttering til kyrkjelege stillingar vert styrka

Indikator 1.3.1: Tal på søkarar til vigsla stillingar, Tal på vakansar i vigsla stillingar

Bjørgvin har i 2022 utlyst 27 prestestillingar, der fem er utlyst fleire gonger. Til desse stillingane hadde vi søknadar frå åtte kvinner og 29 menn, totalt 37 søknadar. Vi har tilsett tre kvinner og åtte menn, totalt 11 prestar. I 2021 vart det tilsett 18 prestar, og det var 55 søknadar.

Ved utgangen av 2022 er 28 stillingar vakante i vårt bispedøme.

Våren 2022 var bispedømet representert på digital utdanningsmesse.

Hausten 2022 besøkte Thor Haavik, som bispedømet har frikjøpt til å drive med blant anna rekruttering, fleire folkehøgskular og vidaregåande skular i Bjørgvin der han heldt føredrag om «Kvifor ta utdanning for å jobbe i kyrkja». Etter føredraget har det vore høve til samtale og til å kunne stille spørsmål. Vi reknar at rundt 500-700 ungdommar har høyrte føredraget.

Vigslingar

Biskopen har i 2022 vigsla 3 diakonar, 1 kantor, 2 kateketar og ordinert 5 prestar.

3.B.1.3.2. Kyrkjeorganisasjonen

Resultatmål: 1.3.2 Kyrkja har ein velfungerande organisasjon

Indikator 1.3.2: Sjukefråver, tal på avviksmeldingar og varsler (HR/FØ) (Ber om at dette målet vert rapportert på under del IV)

Sjå heilskapleg rapportering om varsler under «Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme» i del IV. Sjukefråvæer er omtalt i kap. 3.B.3.3.1

3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling

Resultatmål: 1.3.3 Kompetanseutvikling vert styrka

Indikator 1.3.3: Tal på gjennomførte e-læringskurs, kvalitativ vurdering (HR/BDR)

I Bjørgvin gjennomførte tilsette i 2022 186 e-læringskurs.

Digitalt kurs for sommarvikarar vart gjennomført for 10 personar juni 2022

Alle prostane har gjennomført leiarutvikling ved firmaet «Inovati».

Alle verneombod har vore på kurs ved to ulike samlingar. Alle verneombod har fått godkjente kursbevis og er fullverdige verneombod. I siste samling har dei òg hatt ein gjennomgang av avtalen om samordning av HMS-arbeidet. Dei har dermed fått ei betre forståing av deira rolle i avtalen om samordning av HMS-arbeidet. Skjema ble sendt ut til verneomboda og det rapporterte at dei opplevde kurset som nyttig og relevant. Ein kan med tryggleik si at kompetansen hos verneomboda er høy.

Lokale kompetansehevingstiltak

Det skjer mykje god kompetanseutvikling lokalt som prostane står for. Døme på tema som er tatt opp på konvent er: (Nordfjord) «Funksjonshemming og kyrkja», «Teologisk mangfald, kollegialitet og tolkningsforståelse» – om psykologisk trygghet i gruppa inspirert av boka «Rumbling with vulnerability».

(Hardanger og Voss) «Arbeidsmiljø», «Inkluderande kyrkje», «Institusjonsandakten», «Ånd sjel og lekam» - om samtalen, «Medarbeidaren og Lavora verkstad»

(Sunnhordland) «Samarbeid mellom frivillige og tilsette.» «Frivillig teneste i kyrkjelyden. Bibelsk grunngeving.» «Gode stabsfelleskap – kva kan prestane bidra med?»
Tverrfaglege konvent: «Korleis får vi gode gravferder i Sunnhordland?» For prestar, kantorar/organistar og kyrkjevevjerer og andre i fellesråda som arbeidar med gravferdsadministrasjon. «Korleis formidle bibeltekstar på ein engasjerande måte?» ved Alf Kjetil Walgermo. Trusopplærarar og diakonar saman med prestane.

Det skjer og mykje kompetanseheving på prostia sine studieturar det er det er ein føresetnad for få REU-støtte at ein har eit solid studieopplegg. Eit døme er Bergen domprosti sin tur til Berlin i oktober – med tema «Forsoning og Tilgivelse» med litteraturstudier på førehand.

Regionale kompetansehevingstiltak – Stiftsdagar for alle tilsette

Stiftsdagane 2022 var for alle tilsette i kyrkja i Bjørgvin og møtet som gjekk over to dagar var ein viktig arena for kompetanseutvikling og styrking av samhandling og samkjensle. I evalueringa får det faglege utbyttet 4,7 av 6, noko som er eit godt resultat og viser at målet om kompetanseheving er nådd.

Hovudtema var frivillig arbeid og samspel mellom tilsette, og ein satsa på ei blanding av tradisjonell formidling og nye formidlingsmåtar. Det var foredrag med orkester og musikalske eksempel om «Det gode samspillet» jazzmusikar Carl Størmer og «Jazzcode». Sunniva Gylver snakka om «Å våga» og Henrik Engelbrekt Refshauge om «Frivilliges makt og avmakt».

I tillegg var det også 12 seminar slik at alle yrkesgrupper skulle vera tilgodesett: 1. Gravferd - privat seremoni eller kyrkjeleg handling? 2. Bibelen som bønnebok? 3. Barne- og ungdomsorganisasjonane - kva kan dei tilby for born? 4. Våge, tru og bevege - arbeid med frivillige 5. Samspel og leiing. 6. Tru utan religiøsitet. 7. Om å lytta, 8. Barne- og ungdomsorganisasjonane - kva kan dei tilby for ungdom? 9. Gjestfridom og vertskap. Lærdom frå kystpilegrimsleia. 10. Digital samhandling med frivillige og andre. 11. Gode verktøy for ei inkluderande kyrkje. 12. Tale er gull! Om å laga gode preiker.

Etter- og vidareutdanningsarbeid (REU)

I 2022 deltok 16 prestar i etter- og vidareutdanning som fekk stønad av Regionalt etterutdanningsutval (REU). Av desse starta 3 prestar frå tre prosti på treårige Arbeidsvegleiar-utdanning (AVU) som gjev 60 studiepoeng, 4 prestar frå fire prosti tok 10-studiepoengskurset «Pilegrim i historie og samtid», 7 prestar frå 7 prosti starta på 15-studiepoengskurset «Åndeleg vegleiing». Ein prest hadde eige studie. Til saman utgjør det

ca.152,5 studiepoeng i 2022. Til dagleg arbeidar dei i ni ulike prosti. To prosti gjennomførte prostituer med fagleg innhald.

3.B.2. Kyrkja er der livet blir levd

3.B.2.1. Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar

3.B.2.1.1. Konsertar og kulturarrangement

Resultatmål: 2.1.1 Fleire deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Indikator 2.1.1: Tal på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene i regi av kyrkjelyden/andre aktørar (SSB)

Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Totalt
2022	939	555	275	61	1830
2021	557	283	113	33	986
2020	444	200	162	25	831
2019	904	561	311	73	1849
2018	911	552	283	106	1852
2017	1108	534	288	105	2035
2016	820	575	290	124	1809
2015	876	518	199	60	1653

Vi ser ein markant auke, nesten ei dobling av tala for 2021 for både konsertar og kulturarrangement i eigen regi og i regi av andre. Det er enno eit stykke før ein når opp til nivået før pandemien eller rekordåret 2017. Det blir interessant å sjå om arrangementstala har lagt seg til ro på ei «låg hylle», eller om vi vil sjå ein auke i åra som kjem.

Deltakarar på konsertar og kulturarrangement

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
2022	69672	73244	15657	5103	163676
2021	22844	27542	5867	1707	57960
2020	18143	14126	8374	952	41595
2019	77654	93609	24582	5068	200913
2018	83340	93970	26792	8511	212613

Vi ser ein markant og gledeleg auke – ei tredobling av publikumstala frå 2021, både for konsert- og kulturarrangement. Den største auken er for arrangement i regi av andre.

3.B.2.1.2. Kulturarv

Resultatmål: 2.1.2 Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt

Indikator 2.1.2: Tal på kyrkjelydar med opne kyrkjer. Pilegrimsrapportering (SSB, BDR)

Opne kyrkjer

	Sokn med open kyrkje					Totalt dagar med open kyrkje				
	2019	2020	2021	2022	Endring i prosent	2019	2020	2021	2022	Endring i prosent
Björgvin	67	83	87	85	-2 %	3 120	761	1 223	2 383	95 %
Landet totalt	558	712	794	639	-20 %	28 858	19 311	20 064	22 598	13 %

Det ser ut til at stadane med open kyrkje er så etablerte at det var liten variasjon talet på kyrkjer gjennom koronatida, truleg fordi dei stort sett var opne på sommaren då smittefaren var mindre. Det store oppsvinget i opningstid i 2022 kan forklarast med at det då ikkje var restriksjonar om sommaren. I dei utfordrande åra vi no har lagt bak oss, er det tydeleg at opne kyrkjerom i seg sjølv er ein ressurs som opnar rom for tru og som vert verdsett.

Pilegrimsarbeidet

I samband med forankring av pilegrimstilstrøyming langs Kystpilegrimsleia, er det under etablering samarbeidsavtalar mellom dei regionale pilegrimssentra og sokna på dei 36 nøkkelstadane om opne kyrkjer og pilegrimsmottak.

Bispedømerådet har oppnemnd representantar i fagråda for våre regionale pilegrimssenter i Bergen og Selje og tek aktivt del i forankring av kyrkja som medspelar i den vidare utviklinga av innhald og auke av finansieringa for sentra.

Bispedømet har i åra 2020-22 finansiert deltidstillingar som pilegrimskoordinatorar i Røldal og Selje. Dei har vore høgt verdsett som ressurspersonar og brubbyggjarar mellom sokneråd og kultur- og pilegrimsaktørar i regionen. Både Selje og Røldal har utfordringar når det gjeld rekruttering av søkjarar til prestestillingar, og ein er difor avhengig av å forankre

pilegrimsverksemda mellom eldsjeler og miljø lokalt. Eit fint døme på dette var det særskilte samarbeidet mellom Selje Regionale Pilegrimssenter, Stad kyrkjelege fellesråd, Fjordly og pinsemenigheten Filadelfia som inviterte til Keltisk pilegrimskonferanse og Seljumannamesse.

Kyrkja i Vik var ein av fleire aktørar som sto bak Madonnahelgi i mai, då ein kopi av den såkalla Hovemadonnaen kom på plass i Hove mellomalderkyrkje. Hovemadonnaen er ein malt eikeskulptur av Maria med barnet frå litt før 1250. Skulpturen stod i Hove kyrkje fram til ca.1840 og er no ved Universitetsmuseet i Bergen.

3.B.2.1.3. Samarbeid med skular og andre om kulturarv

Resultatmål: 2.1.3 Skular og andre aktørar formidlar kulturarven i kyrkja

Indikator 2.1.3: Kvalitativ rapportering – lokale historielag, kyrkje-skule-samarbeid (BDR)

Prostane rapporterer om lokalt samarbeid mellom kyrkja og lokale historielag og andre lokale aktørar fleire stader. Eit døme er Johanneskirken i Bergen som i heile 2022 har samarbeida med det lokale historielaget, både om historiske vandringar og «kulturhistoriske aftener» i kyrkja.

Mindre kristen og kyrkjeleg kulturformidling i skulen

Ein merkar i trusopplæringa og i konfirmantarbeidet at det skjer stadig mindre kristen tradisjonsformidling og nye årskull av borna kjenner ikkje lenger til kristne tradisjonar. Det er ein aukande tendens til at skulane ikkje formidlar kristne tradisjonar rundt høgtider, heller ikkje jul. Sjølv om barnehagane og skulane er på skulegudsteneste er det stadig oftare at dei ikkje har øvd på julesongane på førehand og det borna kan bidra med er sekulære songar. Lærarane si haldning til det å vera kulturformidlarar har endra seg, dei fleste er det i praksis ikkje. Kyrkjekulturen vert sett på som ein særkultur som ikkje er ein del av skulen sitt allmenne kulturoppdrag og difor ikkje ein del av skulekulturen si høgtidsfeiring. Det kristne innhaldet er nok med i jula, men ikkje i sentrum.

Jula 2022 var det restriksjonar i desember då skulegudstenestene var, så det er vanskeleg å vurdere kor stort utslag det har gjort. Det var ein markert nedgang frå før pandemien. Det er meldt om to tendensar. Fyrst at dei skulane som hadde tradisjon for å gå og ikkje hadde vore i kyrkja på to år gjerne ville tilbake. Den andre tendensen var at det ikkje har vore pengar til å busa ungar til kyrkja på grunn av nedskjeringar i kommunebudsjett.

Samarbeid mellom kyrkje og skule

Tal på barnehage- og skulegudstenester

Gudstenester for skuleborn								Endring 2019-2022
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	
Gudstenester	428	413	421	421	125	87	370	-12,1%
Deltakartal	76398	73048	73930	71644	6107	6307	57139	-20,2%
Gjennomsnitt	179	177	176	170	49	72	154	-9,4%

Gudstenester for barnehageborn								Endring 2019- 2022
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	
Gudstenester	230	242	181	174	79	77	98	-43,7%
Deltakartal	15465	14128	13666	13241	2707	3877	6049	-54,3%
Gjennomsnitt	67	58	76	76	34	50	62	-18,4%

Både barnehagegudstenester og skulegudstenester har auka i tal og deltaking i forhold til pandemiåret 2021, men dersom ein samanliknar med normalåret 2019 er nedgangen tydeleg med 12% færre skulegudstenester og 44% færre barnehagegudstenester.

3.B.2.1.4. Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja

2.1.4. Bjørgvin bispedøme sin strategi 4

Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å

- la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
- fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur
- utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet



Det skjer mykje godt kulturarbeid i kyrkjelydane i bispedømet. Her tar vi med nokre døme: Sælen kyrkjelyd viste 20 ikonar av kunstnaren Solrun Nes i tida fram mot påske og nytta bileta aktivt i formidlinga av bodskapet i openberrings- og fastetida. I Hjelme gamle kyrkje i Øygarden arrangerte kyrkja, Kystmuseet og Nærmiljøutvalet Hauge-kveld. Jølster litterære folkeakademi samarbeider tett med kyrkja. Førde kunstlag har bidratt med ny kunstbok til Førde kyrkje. Valestrand og Onarheim kulturkyrkjer er aktive i lokalmiljøet. I Onarheim sette dei opp Gildespelet i samarbeid med det lokale teaterlaget.

Bjørgvin bispedøme og Bergen kirkelige fellesråd arbeider med å etablerer Kyrkjekultur Vest, som skal ha som føremål å synleggjere og den kyrkjelege kulturkompetanse i Bjørgvin bispedøme og utvikle kyrkja som kulturaktør og kulturarena.

Hovudoppgåvene for Kyrkjekultur Vest er å:

- Vere eit nettverk for kompetansedeling
- Kyrkjeturnérådgjevar: Vidareformidle aktuelle produksjonar
- Etablere alliansar og samarbeid mellom kyrkje, kulturliv og andre samfunnsaktørar
- Vere ein ressurs for større utoverretta prosjekt i bispedømet
- Initiere tiltak for kulturfagleg kompetanseheving i møte mellom kunstnarar og kyrkjelydar
- Bidra til nye opplæringstilbod t.d. kulturskuletilbod i kyrkjene

3.B.2.2. Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt

3.B.2.2.1. Diakoni

Resultatmål: 2.2.1 Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing

Indikator 2.2.1: Tal på kyrkjelydar med diakonal betening, kvalitativ vurdering (BDR)

Sokn	Sokn med diakonal betening				Prosentdel sokn med diakonal betening			
	2019	2020	2021	2022	2019	2020	2021	2022
176	70	76	76	76	37,4 %	43,2 %	43,2 %	43,2 %

Talet på sokn med diakonal betening er det same som i 2020 og 2021. Bergen kommune gav ved utgangen av 2021 midlar til to nye diakonstillingar i 2022 som ledd i ei pågåande opptrapping av diakonstillingar i byen.

Diakoni i Bjørgvin bispedøme	2019	2020	2021	2022
Nokre utvalde tal frå SSB-statistikken				
Plan for diakoni	104	107	104	108
Hadde kyrkjelyden tilbod om ekteskapsgrupper /samlivsgrupper? (*Tala 2019-2021 er feil p.g.a. feilkoding i skjema)	(36*)	(32*)	(38*)	5
- Tal på grupper	5	8	9	12
Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?	45	41	41	48
- Tal på grupper	64	50	63	65
Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?	80	71	58	67
- Tal på grupper	287	260	116	246
Andaktar på institusjon	125	129	126	118
- Tal på andaktar	3139	1588	2345	2755
Besøkseneste	90	86	91	80
- Tal på besøk	5383	3525	3741	3613
Tal på soknebod	441	445	478	431
Tilbod om sjelesorgsamtalar	128	126	127	127
- Tal på samtalar	2640	3242	2897	2685
Tilbod om turar for kyrkjelyden	56	16	12	47
- Tal på turar	76	24	21	68
Integreringsarbeid	39	24	18	43
Integrering retta mot innvandrarar	37	23	16	38
Tilbod for funksjonshemma	27	42	44	43
Andre sosiale og diakonale tilbod	85	79	81	95

Vi ser at det diakonale arbeidet har auka frå 2021 til 2022. Dei arbeidsformer som retta seg mot einskildpersonar, som samtaletilbod, hadde mindre nedgang i 2020 og 2021 enn dei arbeidsformer som retta seg mot grupper. Det er naturleg og gledeleg at det er tiltak som eldretreff, andaktar og turar har størst auke fordi det viser at kyrkjelydsarbeidet er på veg opp igjen.

3.B.2.2.2. Menneskeverd og vern om skaparverket

Resultatmål: 2.2.2 Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket

Indikator 2.2.2: Kvalitativ vurdering (BDR)

Det var i 2022 128 temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og /eller misjon. Dette er ein auke frå 74 i 2021 og 144 i normalåret 2019. Oppsvinget i dette engasjement følgjer same kurva som for gudstenestelivet. Det er 73% auke frå 2021, men 11% mindre enn i 2019.

Vern om skaparverket – grøne kyrkjelydar

Tal på grøne kyrkjelydar				
2018	2019	2020	2021	2022
34	36	37	39	39

Talet på «Grøne kyrkjelydar» er det same som i 2021. Satsinga på rekruttering av «Grøne kyrkjelydar» har i 2022 vore låg. Det er mykje som tyder på at det grønne perspektivet er blitt meir allment og difor har meir preg av å vera fornuftig berekraftig drift enn ei satsing. «Ressursgruppa for berekraft: miljø, forbruk og rettferd» har ikkje vore aktiv i 2022.

Men det skjer fleire gode tiltak lokalt. Eit døme er Landro kyrkje i Øygarden med «Prosjekt Vekst» der ein aktiviserer menneske med arbeid blant anna i kyrkjehagen. Det er generasjonskveldar, kransebindekurs, snekring av fuglekasser, spelkveldar og bakekveld. På Skaparverkets dag vart gudstenesta avslutta med at kyrkjelyden gjekk ut og planta fleire epletre utanfor kyrkja. På kyrkjekaffien vart der servert salat med planter frå kyrkjehagen.

FNs berekraftsmål

Bjørgvin bispedøme nemner ikkje berekraftsmåla direkte i strategien for 2021 – 2024, men ved å halde saman strategien og berekraftsmåla vil ein kunne finne at også Bjørgvin bispedøme bidreg inn i den verdsvide dugnaden for eit meir berekraftig samfunn og for ei meir berekraftig kyrkje. Både bispedømet og kyrkjelydane bidreg både med konkrete satsingar som direkte er med å realisera berekraftsmåla og med haldningsskapande arbeid ved å spreie kunnskap om berekraftsmåla.

Kirkens Nødhjelp

I sitt siste strategipunkt for perioden 2021 – 2024 seier Bjørgvin bispedøme følgande: «Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling». Dette strategimålet vert mellom anna realisert når kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme gjennom ei årrekke har vore engasjert i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Då er kyrkjelydane med i ei målretta satsing for å utrydde fattigdom og svolt (berekraftsmål nr. 1 og 2), sikre god helse, livskvalitet og utdanning (berekraftsmål nr. 3 og 4), skaffe reint vatn og gode sanitærforhold (berekraftsmål nr. 6), bidra til likestilling mellom kjønna og mindre ulikskap (berekraftsmål nr. 5 og 10), bidra til å bygge berekraftige byar og lokalsamfunn (berekraftsmål nr. 11), stoppe klimaendringane (berekraftsmål nr. 13) og samarbeide for å nå måla (berekraftsmål nr. 17).

Ungdomssatsinga "Saman på hjul"

Bispedømet sin strategiplanen bidrar også til berekraftsmåla med følgande strategimål: "Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne der dei kan vere og finne trygge og gode møteplassar, skape og bruke sine eigne kulturelle uttrykkformar, bere og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd og tru ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap." I "Saman på hjul"-turneen retta mot konfirmantar er berekraftsmåla tydeleg med som ein avsluttande del av opningsshowet. Uteaktivitetane brukar Kirkens Nødhjelps ressurs "Hinder for rettferd" for å forstå uretta i verda. Kvar aktivitet korresponderer med minst eit av dei 17 berekraftsmåla. Konfirmantar har gjennomført fire postar med aktivitetar knytt til berekraftsmåla nr 3, 6, 8 og 13.

Miljøretta satsing og Miljøfyrårn

Bjærgvin bispedømekontor har i fleire år vore Miljøfyrårn og har på denne måten bidrege opp mot berekraftsmål 13 om å stoppe klimaendringane og berekraftsmål nr. 15: "Livet på land". Bispedømerådet satsar også på å rekruttere fleire kyrkjelydar til å bli "Grøne kyrkjelydar". Dette inngår mellom anna som ein del av arbeidet når kyrkjelydar arbeidar med å få på plass lokale diakoniplanar og bispedømekontoret bidrar med rådgjeving.

Fellesskap og frivillig teneste som førebyggjande arbeid mot einsemd og psykiske lidingar

Under strategimål "Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å: inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i frivillig teneste" er bispedømet med å oppfylle berekraftsmål 3 og 11 då vi gjennom denne satsinga bidreg med fellesskap og omsorg som er med å førebygge einsemd og psykiske lidingar. Dette skjer mellom anna gjennom satsinga på frivillig teneste i kyrkjelydane. Difor har bispedømet revidert sin frivilligperm frå 2006. Resultatet er det nye heftet "Våge, tru og bevege" som vart presentert for kyrkjeleg tilsette på Stiftsdagane i 2022. Gjennom denne satsinga er vi og med tilby inkluderande arenaer i lokalsamfunna som gir berekraft i møte med framtida.

Bevisstgjeriing, haldningsskapande arbeid og satsing på pilegrimsarbeid

FNs berekraftsmål står òg sentralt i alt pilegrimsarbeid og den internasjonale kampanjen Klimapilegrim har sidan lanseringa i 2015 inspirert kyrkja sitt pilegrimsengasjement. Samspelet med FN-sambandet om berekraftsmåla vert vidareført i planane for kystpilegrimsfeiringa av dei historiske jubilea Moster 2024 og Magnus Lagabøte-jubileet 2024.

Prostane melder at kyrkjelydar har hatt temakveldar om berekraftsmåla. Dette har skapt eit engasjement for denne verdsvide innsatsen for vår felles framtid.

Vurdering

Som vi ser er det mykje av den strategiske satsinga i Bjærgvin bispedøme som kan seiast å bidra til berekraftsmåla. Samstundes ser vi ei gryande bevisstgjeriing på temaet også i kyrkjelydane. Det er og verd å merke seg at berekraftsmåla gir eit felles språk som kan skapa eit ønske om samarbeid på tvers av organisasjonar og etatar.

3.B.2.2.3. Klima og miljøarbeid

Resultatmål: 2.2.3 Den norske kyrkja sine utslepp og miljøbelastning vert redusert.

Indikator 2.2.3: Kvalitativ vurdering (BDR)

Bjergvin bispedømekontor er miljøfyrtårnsertifisert og har gått gjennom vår reisepolitikk på stabsmøte og brukar bildeleringen i Bergen for mange av våre reiser, med elbil der det går.

På årets stabstur for bispedømekontoret vart det av omsyn til miljøatsinga vald å ha felles tur frå Fredrikstad til Bergen med tog i staden for fly. På togturen var det bestilt eigen kupe for mingling og quiz. Vi besøkte Borg bispedømekontor for utveksling av erfaringar og gjennomgang av vårt strategiarbeid. Vi kombinerte også turen til besøk hos biskop Halvor på hytta hans.

3.B.2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar

3.B.2.3.1. Misjon

Resultatmål: 2.3.1 Samarbeid kyrkjelyd og misjon (SMM) vert styrka

Indikator 2.3.1: Kvalitativ vurdering (BDR)

Misjon og vennskapssamarbeid

Prosten i Nordfjord melder: «Verdt å notere seg er også totalt innsamla takkoffer – der det ser ut som at vi kan klare å etablere ein ny måte å samle inn offer i eit stadig meir kontantlaust samfunn gjennom bruk av Vipps. Det kan kanskje henge saman med synleggjering av Vipps-nummer i utdelte agendaer samt rom for å faktisk ha tid til å ta fram mobilen og vippse ei gåve – ved bruk av musikk under innsamlinga. Engasjementet for misjonsprosjekta varierer, og det er ein klar samanheng mellom soknerådets oppfølging og konkret tilbakemelding til kyrkjelyden og det totale innsamla gåvebeløpet. Generelt kan ein seie at vi har eit stort utviklingspotensiale i å motivere og fremje gjevartenesta i Nordfjord.»

Det er grunn for å tru at kollekt ved Vipps fører til høgare snittbeløp enn det var ved berre bruk av kontantar. Sjølv om det er blitt færre givarar har beløpet halde seg ganske bra. Som prosten nemner er det mykje å gå på i høve misjonsengasjement i kyrkjelydane (kven eig engasjementet?), og korleis ein organiserer og legg til rette for gjevarteneste.

Det var i 2022 125 misjonsavtalar i Bjergvin knytt til SMM-samarbeidet. Det er litt ulike tal frå SSB og det vi får rapportert via SMM-organisasjonane.

År	Misjonsavtalar
2022	125
2021	131
2020	131

I ei tid der folkekyrkjene i Europa og dei kristne organisasjonane slit med oppslutnaden er det viktig å sjå ut over landegrensene og lære av dei som lukkast med arbeidet, der arbeidet veks eller i alle høve ikkje vert redusert. NMS er til dømes representert i Frankrike, England og Estland – og har desse landa som viktige lyttepunkt. Der kan ein sjå kva som ventar i Noreg om ein del år om utviklinga held fram som nå, sidan sekularisering er komme lengre i

desse landa enn i Norge. For å møte dette har ein i Church of England utvikla arbeidsformene «Messy Church» og «Fresh Expressions of Church» (Kyrkje på nye måtar). Ein del norske kyrkjelydar har med hell prøvd ut nye ting etter inspirasjon frå desse rørslene og venskapsbispedøme-/kyrkjelydar. På Stiftsdagane i 2019 og 2022 hadde vi innlegg om dette, og vi fekk også meir kjennskap til «Use Your Talents» som er eit konsept utvikla på Madagaskar. Misjon handlar i dag om å lære av kvarandre på kryss og tvers, og like mykje at vi skal ta til oss lærdom frå andre land som motsett.

For å kunne halde fram med den breie folkekyrkjetanken må ein også ha nokon som ber visjonen og engasjementet oppe. Dei som blir døypte må ha noko å inviterast til: Trusopplæring og gudstenestefeiring. Det er nå tydeligare enn før at for å lukkast med engasjement for verda (internasjonal diakoni og misjon), treng ein også å lukkast med å skape gode lokale fellesskap i kyrkjelyden, og å ha lokale folk som held vitnesbyrde om Jesus levande og formidlar i lokalsamfunnet kor viktig det er å døype borna inn i dette lokale og verdsvide fellesskapet.

3.B.2.3.2. Venskapsbispedøme

Resultatmål: 2.3.2 Dnk synleggjer at ein høyrer til i den verdsvide kyrkja

Indikator 2.3.2: Ber ikkje om rapportering

Björgvin bispedøme vedtok i 2021 å starte venskapssamarbeid med den lutherske kyrkja på Cuba: *Iglesia Evangélica Unida sínodo luterano (forkorta IEU)*. Samarbeidet er koordinert gjennom Normisjon og handlar om gjensidig forbøn, nettkontakt, vitjingar, studiereiser og økonomisk støtte til løner. Kyrkjelydane i bispedømet er bedne om å gi eit årleg offer til Cuba-samarbeidet, gjerne som ein del av ein "Cuba-søndag". Biskop Nordhaug ynskte seg gåver til venskapskyrkja på Cuba som avskilsgåve. I 2022 kom det inn totalt 307.232 kroner til prosjektet: 222.240 kroner som kyrkjeoffer, 68.192 kroner som avskilsgåver i samband med biskopen sin turne til alle prostia og 16.800 kroner var gåver frå einskildpersonar.

I diakonirådgjevar sin permisjon i 2022/23 er det tilsett ein medarbeidar som koordinerer kontakten og hjelpesendinga til kyrkja på Cuba. Ein har samla inn brukte sykklar, klede, sko, symaskiner og motorsager som skal sendast i ein container til Cuba i første kvartal 2023, saman med basis matvarer og hygieneartiklar kjøpte for om lag 164.000 kroner av midlane samla inn i 2022.

Biskop, stiftsdirektør og nestleiar i bispedømerådet vitja venskapskyrkja på Cuba i mai 2022 saman med Normisjon sin landansvarlege for å konkretisere samarbeidet. Til innsetjing av ny biskop i april 2023 har bispedømet invitert representantar frå venskapskyrkja på Cuba, og det kjem ein prest frå Guantánamo saman med 5 unge vaksne frå kyrkjelydar i Guantánamo, Santiago de Cuba og Havanna.

Bispedømet har og eit venskapssamarbeid med Southwark Diocese, Church of England, i London. I 2022 har venskapssamarbeidet dreidd seg om å ha utvikla eit felles vidareutdanningskurs «Leading Ecclesial Growth and Change» saman med NLA, Møre bispedøme og deira venskapsbispedøme Newcastle. I tillegg har ein planlagt deltaking frå Southwark ved bispevigling i 2023.

3.B.2.3.3. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

Resultatmål: 2.3.3 Barne og ungdomsorganisasjonane deltar i kyrkjelydane

Indikator 2.3.3: Kvalitativ vurdering (BDR)

Mange kyrkjelydar har lokalt samarbeid med kristne barne- og ungdomsorganisasjonar, men dette vert ikkje rapportert i statistikken.

Bispedømet har ei satsing på konfirmant- og ungdomsarbeid der ein samarbeidar med ungdomsorganisasjonar, sjå kapittel 3.B.1.1.3 Konfirmasjon.

På Stiftsdagane i juni med 450 tilsette frå heile bispedømet, vart alle organisasjonane knytt til plattformen Kirkens Unge inviterte til å ha seminar. Dette vart godt tatt i mot. Dei kunne der presentere sitt arbeid både for kvarandre og for tilsette i bispedømet. Dei fekk også ha stand i fellesområdet og vi har fått gode tilbakemeldingar både frå dei tilsette og frå organisasjonane. Ei frukt av slikt samarbeid er at KRIK og KFUK-KFUM som har tidlegare hadde kvar sin nattcup om hausten, i 2022 arrangerte ein felles nattcup i Haukelandshallen.

I Nordfjord er det på gang eit samarbeid mellom Normisjon og KFUK-KFUM med tanke om ein nattkafé i Eid sentrum.

Samarbeidsavtalen med KFUK-KFUM Sogn og Fjordane går ut juni 2023, og det er dessverre ikkje mogeleg å halde fram med eit økonomisk tilskot, men ein vil halde fram med samarbeid om konfirmantfestivalane.

Eit nytt prosjekt i Bergen i samarbeid med KFUK-KFUM Bjørgvin og KFUK-KFUM Norge har kome godt i gong hausten 2022 med fire pilotsokn. Det vert fyrst og fremst arbeidd med tida etter konfirmanttida, og strategien til bispedømet om å skape "gode møteplassar". Det er også planar om å arrangere ein Camp Vestland for konfirmantar haustferien 2023.

Utfordringar i lokalt samarbeid med organisasjonane.

Ei utfordring for kyrkjelydane i samarbeidet med organisasjonar er kva ein gjer med medlemskap i organisasjonen. Vi har to døme frå meldingar i planverktøyet i trusopplæringa:

Døme frå Olsvik : «Det er veldig positivt, spesielt for konfirmantarbeidet å ha dette samarbeidet (KRIK) . Men vi har en utfordring i forhold til medlemskap for konfirmantene, rapportering om dette, dokumentering i forhold til frifondsmidler osv.»

Døme frå Os: Der har ein eit nystarta barnekor som er innmeld som eining i KFUK-KFUM . Det står også at dei er med på barnekorfestival som KFUK-KFUM arrangerer. Imidlertid rapporterer dei at dei ikkje har noko samarbeid med organisasjonane. Så det at ein er tilknytt ein organisasjon treng ikkje føre til at dei sjølve opplev at dette skjer i samarbeid med organisasjonen.

Det første dømet er ei klassisk problemstilling. Korleis fører ein medlemskap for konfirmantar? Er ein sikker på alle konfirmantane veit at dei er medlemar t.d i KRIK, viss ein har ein KRIK-aktivitet? Saman med Bergen kyrkjelege fellesråd har vi nøsta litt i dette med tanke på å få til tydelege samarbeidsavtalar. Vi er kjende med at LNU kjem snart med ei ny tilråding for frifond, og vi er og i dialog med KA som er tett på denne problemstillinga. Når det gjeld organisasjonane så har vi freista å vera tydelege bestillarar på at vi ønsker meir etter konfirmanttida, samstundes vil vi også sjølve ha eit ansvar for å vera utøvarar, sidan dette må skje i sokna og ut frå dei ressursane ein har tilgjengeleg.

Sjølv om ein er medlem i eit lokallag, så treng ikkje det å bety at ein opplever at arbeidet skjer i samarbeid med ein organisasjon. Det er ofte dei tilsette i sokna som driv arbeidet, og slik må det nesten vera. Organisasjonslivet i Noreg er i stor endring og det gjeld også dei kristne organisasjonane. Vi treng at dei kan vera med å skapa gode arrangement og arenaer som kan skapa fellesskap, og der ein kan møtast på tvers av soknegrensene. Dette gjeld både leiartrening og gode arrangement. Vi har også nokre gode døme på ein kombinasjon av samarbeid på tvers av sokna, og at ein drar på leir saman t.d. til KRIK nyttårsleir på Lillehammer. Vi må altså få til eit godt samspel som både tar vare på dei formelle sidene ved det å vera tilknytt ein organisasjon med eigen profil, organisasjon og organisasjonsnummer, samstundes må vi finna gode formelle samarbeidsavtaler som gjer at dette arbeidet har sin naturlege plass i soknet og skjer i tilknyttinga til soknets strategi.

3.B.2.3.4. Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka

2.3.4 Bjørgvin bispedøme sin strategi 3:

Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka

ved å

- inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i friviljug teneste
- nytte systematiske verktøy i rekruttering og oppfølging
- fremje gjevarteneste



Diakonikonferanse om frivillig teneste

Bispedømet har bidratt til å heva kompetansen til å arbeida med frivillige ved blant anna å vera med på å arrangere regional diakonikonferanse i Bergen 2. september med tema «Frivillighet».

Det var foredrag og bidrag frå Kirkens Bymisjon, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, Høgskulen på Vestlandet, Verdighets-senteret til Bergen Røde Kors, Vestland fylkeskommune og fleire.

Foredraga handla om: «Frivillige som mulighetsagenter», «Utviklingstrekk og frivillighet i Norge», «Frivillige og samskaping: erfaringer og muligheter», «Å mobilisere frivillige i lokalsamfunnet med ABCD-metoden (ABCD = Asset Based Community Development)», «Rekruttering: unge leder unge/ sektormodellen frå St. Jakob kirke i Bergen», «Frivillighet og livssynsåpen diakoni», «Må man være kristen for å bli frivillig medarbeider i diakonal/ kirkelig sammenheng? Hvorfor og hvordan praktisere livssynsåpenhet?», «Frivillighet og levende lokalsamfunn.» Utdeling av «Regine Waage's pris for diakoni og frivillighet» «Fri til å skape: jeg kan bety en forskjell»

Fleire tiltak på arbeid med frivillige og kyrkjelydsbyggjande arbeid, sjå 3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling og 3.B.3.3.2. Frivillig teneste

3.B.3 Kyrkja er meir for fleire

3.B.3.1. Gir ein stad å høyra til og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt

3.B.3.1.1. Digital kyrkje

Resultatmål: 3.1.1 Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

Indikator 3.1.1: Kvalitativ vurdering av kyrkja på nett

Etter at pandemiåra, særleg 2020, var prega av nokså stor aktivitet på nettet, er vårt inntrykk frå prestane er at ein i kyrkjelydane har prioritert fysiske samlingar og berre få har brukt det digitale handlingsrommet til å nå lenger ut. Sjå melding om strøyma gudstenester i kap. 3.B.1.1.1.

På nokre område har prestane tatt med kompetansen på digitalt samarbeid vidare etter pandemien. I Sogn prosti har ein kvar veke hatt felles tekstgjennomgang for prestane på Teams.

I Luster heldt ein i 2022 fram med samarbeidet med lokalradioen Radio Luster der prosten var med på programposten «40 minutt med prestevikaren» kvar veke. Påsken vart markert ved at prosten og radiojournalisten reiste til Jerusalem og laga programinnslag frå Jerusalem som vart sendt kvar dag i påsken.

I Stryn og i Vågsøy i Nordfjord prosti har ein halde fram med å bruka dei digitale produksjonane i trusopplæringa og opplever at ein når ut til fleire når ein kan tilby målgruppa både fysiske samlingar og t.d. youtube-video.

Ein hadde i same prosti eit forsøk med digital lesesirkel fordi det er tungvint å samlast fysisk, men det vart ikkje vellukka. Det som har halde fram etter pandemien er at ein av prestane har digitale andaktar med «Presten Trond» og det får god respons.

I Birkeland sokn har ein også i 2022 halde fram med «Søndagspodden», ein lett tilgjengeleg samtale om søndagens tekst.

Økter og brukarar på heimesidene. Følgjarar og trafikk på Facebook.

kyrkja.no/bjorgvin	2018	2019	2020	2021	2022
Økter	44000	53696	67047	48333	51718
Unike brukarar	23979	27769	34958	30564	33300

Bruken av bispedømet sine nettsider har gått litt opp sidan 2021, men er enno ikkje tilbake på nivået frå 2020. Det er sannsynleg at samanhengen framleis er færre aktivitetar i regi av bispedømekontoret og biskopen i det året då biskopen gjekk av 1. desember. I 2020 hadde vi også større eigenproduksjon av digitale sendingar, meir omtale av kyrkjelydane sine digitale aktivitetar og fleire oppdateringar om gjeldande koronareglar.

På den andre sida har det vore mange som besøkte nettsidene for å lesa ulike saker knytt til presentasjon av bispekandidatar. Lesarane har vore litt lenger tid inne på sidene i 2022 enn i 2021.

Vår viktigaste kanal for å få lesarar inn på nettsidene, ein e-post med «Nytt frå Bjørgvin» gjer at om lag 1000 faste brukarar får melding om når det er noko nytt, og dei kan då velja om dei vil lesa meir eller ikkje.

Følgjarar på facebooksider

«**Biskop Halvor**» er ein profil som biskopen har hatt sidan 2010. Den hadde 1177 følgjarar (1044 i 2020). I tillegg har han sin meir personlege profil med over 1800 vener (1718 i 2020).

Blant dei mest sette innlegga var førehandsomtale av arrangementet «På troen løs» der biskopen skulle samtala med leiaren for «Skeivt kristent nettverk», ei «Takk for meg»-helsing og eit innlegg for det livssynsopne samfunnet i samband med ei sak om skuleandaktar i skulelaget i Balestrand.

Bjergvin bispedøme sin eigen facebookprofil hadde ved årsskiftet 1039 følgjarar, i 2021 hadde den 791 følgjarar.

Blant dei mest sette innlegga var eit frå stiftsdagane i Bjergvin med *teksten* «Omlag 400 tilsette frå kyrkjelydane i Bjergvin er samla til Stiftsdagar i Bergen med inspirasjon, jazz, fellesskap, rørsle og tru.» Med så mange tilsette til stades, var det rimeleg av oppslaget fekk mykje merksemd og mange kommentarar.

Den saka som fekk mest kommentarar, handla om at kantor Knut Christian Jansson fekk Johan Nordahl Brun-prisen. Elles var fleire saker om bispekandidatar populære.

3.B.3.1.2. Universell utforming og inkludering

Resultatmål: 3.1.2 Universell utforming av og i kyrkja vert styrka

Indikator 3.1.2: Kvalitativ vurdering (BDR)

Inkluderande kyrkjeliv

Tilbod i kyrkjelyden for menneske med utviklingshemming				
2018	2019	2020	2021	2022
44	47	42	44	43

Arbeidet for og med menneske med utviklingshemming har i 2022 vore prega av både konkrete tiltak i kyrkjelydane og kunnskapsbygging, fordi dette er eit felt som krev at det både vert arbeid med konkrete tiltak og haldningar.

Talet på tilbod er nokså stabilt, med eit mindre enn i 2021. Tilboda til utviklingshemma handlar i stor grad om klubarbeid, konfirmantundervisning «Konf+» og tilrettelagte gudstenester.

Bispedømet styrker dette arbeidet gjennom samarbeid med Normisjon region Sogn og Fjordane og leiger inn ein 20% ressurs til inkluderingsarbeidet. Jostein Bildøy utfører dette, og har gjennomført kurs om inkluderande kyrkjeliv for frivillige og tilsette i sokna i Gloppen. Fleire sokn har fokus på tilrettelegging særleg i konfirmantarbeidet, noko som har ført til at det er mykje lokal kunnskap i stabsfellesskapa. Til dømes i Førde sokn som arrangerer gudstenester jul og påske med menneske med utviklingshemming som deltek som medliturgar på gudstenester etter nærare avtale. Kyrkjetunkaféen «10-kaffien» kvar onsdag i samarbeid med Førde ressurscenter. Av andre aktivitetar kan nemnast Kjellargjengen i Hafslo, ein klubb for barn og unge med nedsett funksjonsevne, med medlemskap i Acta barn og unge i Normisjon.

I Hordaland og Bergen har ein eit etablert samarbeidet med Bergen kyrkjelege fellelråd (BKF) med vernepleiar Annette Lid Ussi som koordinator og ansvarleg for Konf+ på Åsane.

og ressursperson for arbeidet i sokna Bergen. Gjennom denne stillinga er BKF fast representert i inkluderingsutvalet. Nasjonalt er Jostein Bildøy, Roar Strømme og Annette Lid Ussi med i det nasjonale nettverket for inkludering i kyrkja. Gjennom dette er dei og involvert i planlegging og gjennomføring av HEL-konferansen kvart tredje år. Roar Strømme bidrar elles med kurs og inspirasjon både lokalt og nasjonalt.

I Bergen er det fleire tiltak inkludert eit utstrakt klubbarbeid i mange sokn, til dømes i Åsane med Konf+ for konfirmantar og vaksne, supplert med temasamlingar og laurdagskafé for vaksne med utviklingshemmingar.

I år har vi starta arbeidet med å gjere kjent avtalen med HELT MED om å legge til rette for arbeidsplassar for menneske med utviklingshemming i kyrkja. I Sunnfjord kyrkjelege fellestråd er dette eit fokusområde i eit samarbeid om stell av gravplassar utført av grupper vaksne som har behov for tilrettelagt arbeid.

Vår vurdering er at det er behov for å legge til rette for styrka tilbod i kyrkjelydane. Bispedømet kan informere og inspirere, men arbeidet må forankrast lokalt. Det er viktig å minne kommunane om retten til trus- og livssynsutøving også gjeld utviklingshemma, og fortsette å tilby kurs om menneske med utviklingshemming og sorg.

3.B.3.1.3. Kyrkjelydsbygging - møteplassar og fellesskap

Resultatmål: 3.1.3 Folkekyrkja tilbyr ulike møteplassar og fellesskap

Indikator 3.1.3: Kvalitativ vurdering – gode historier (BDR)

Bjergvin bispedøme har arbeidd jamt og trutt med vaksenundervisning eller trusopplæring for vaksne. Ei av satsingane har blitt kalla “Tid for tru” og er så langt blitt til tre ressurshefte med grundig metodisk rettleiing og med omfattande ressursar for å halde bibelundervisning for vaksne. Konseptet liknar på Alpha-kurset og inneheld mat, undervisning og samtale i grupper. Hefta er utarbeidd av prest Bjørn K. Nygaard. Det første kom i 2014 og temaet var truvedkjenninga, i 2018 kom heftet om Filipperebrevet og i 2022 eit hefte om Første Korintarbrief. Hefta blir brukt i bispedømet, men også andre stader i landet, og inspirerer også til å drive undervisning med lokale ressursar. I Gloppen i Nordfjord melder prostten om kurs med gjennomgang av Matteusevangeliet og vising av kunst relatert til tekstane. I til dømes Askvoll, Fjaler og Hyllestad har dei nytta Nygaard sine kurs. Kursa er godkjente av K-stud, og bispedømet oppmodar lokalkyrkjene til å registrere studieaktiviteten sin hos dei.

Kyrkjeleg vaksenundervisning og fellesskap	2019	2020	2021	2022
Bibelgrupper, samtalegrupper eller husfellesskap	66	62	62	66
Tal på grupper	226	207	211	196
Bibelkurs	21	26	22	22
Deltakarar bibelkurs	957	674	748	857
Hadde kyrkjelyden andre opplæringstilbod?	35	19	26	35
Tal på grupper	165	100	115	87

3.B.3.1.4. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet

Bjørgvin bispedøme sin strategi 5:

Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å

- møte folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap
- samverke med lokale aktørar
- vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling



Synleg kyrkje

Kyrkja har eit stort potensiale til å skapa møteplassar fordi den i prinsippet er relevant for alle generasjonar. Dei mange babysong-gruppene er eit godt døme på å møta folk der dei er i livet og skapa inkluderande fellesskap. Det same er tilbod av typen «middag i kyrkja», ofte med småbarnsfamiliar som primærmålgruppe. Det finst også eksempel på generasjonsmøte når babysongen har samling på sjukeheimen eller møter «kaffitreffet» med mange eldre.

Nokre kyrkjelydar er godt synlege på ulike kommunikasjonskanalar. Det er mange kyrkjeblad i bispedømet med eit innhald som til dels kan vera nokså sterkt prega av kyrkja sine aktivitetar, men det er også eksempel på stoff som angår dei i lokalsamfunnet som ikkje er opptekne av livet innanfor kyrkja sine vegger. Nettsider og Sosiale medium krev ressursar, nokon klarer prioritera dette, men det er eit stort potensiale i å bli betre og meir synlege. Her bør ein sjå om det er råd å samarbeide over soknegrensene. Plakatveggene er ikkje heilt borte frå lokalsamfunna våre og bør brukast, konkurransen er ikkje så stor frå andre aktørar.

Arbeidet for ei berekraftig utvikling og fokus på klima og rettferd kan gjerne bli sterkare.

3.B.3.2. Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på

3.B.3.2.1. Ungdomsarbeid

Resultatmål: 3.2.1 Ungdomsarbeidet vert styrka og kyrkja er til stades på utdanningsinstitusjonar og i forsvaret

Indikator 3.2.1: Tal på deltakarar på tilbod for 13-17 år, tal på deltakarar 18-30 år (SSB)

Barne- og ungdomsarbeid har vore ei utfordring i 2022. Mange melder at det har vore vanskeleg å halde fram med rekrutteringa og at arbeidet ligg nede. Dei fleste har rekruttert til ungdomsarbeidet gjennom konfirmanttida, og invitert til å vera med vidare. Når dette falt bort i pandemien i 2021 og deler av 2022, så merker ein at to kull ikkje kom med i noko arbeid vidare. Det finst nokre unntak og det var der ein hadde eit stabilt ungdomsarbeid frå før. Der ungdomsarbeidet ikkje har stått så sterkt, og det er dei fleste stadar, var pandemien dråpen som gjorde at det var vanskeleg å koma i gang igjen.

Ten Sing står framleis sterkt, blant anna på Bømlø og Voss og i Bergensområdet. Vår eiga satsing på prostivise konfirmant dagar bygger på eit godt strategisk samarbeide med KFUK-KFUM og KRIK. Dette samarbeidet trur vi vil gje gode frukter i åra som kjem.

Meir om ungdomssatsing på 3.B.3.2.5. «Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne».

Tilbod unge 13 – 18 år

	Tiltak for 13-18 år		Unike deltakarar 13-18 år	
	2021	2022	2021	2022
Bjørgvin	469	465	3240	4882
Nasjonalt	2841	2820	26349	36798

Tal frå planverktøyet i trusopplæringa

Vi ser ein liten nedgang i talet på tiltak, men ein klar auke i talet på deltakarar.

Når vi ser nærare på nokre sokn kan vi sjå at det som er rapportert her, er til dømes sosiale tiltak for konfirmantane slik som nattkafé. Det er nok diverre ikkje tilfelle at vi har 4882 unike deltakarar i aldersgruppa i tillegg til konfirmantane. Samstundes ser vi at det lang frå er alle som har tilbod til konfirmantane utanom undervisninga.

Tilbod til unge 18 – 30 år, einskildtiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbod			Einskildtilbod for 18-30 år			Leiarkurs for 18-30 år		
	2021	2022	Endring	2021	2022	Endring	2021	2022	Endring
Bjørgvin	58	64	10 %	40	43	8 %	14	16	14 %
Nasjonalt	330	403	22 %	190	220	16 %	82	120	46 %

Unge Vaksne-arbeidet i St. Jakob i Bergen

Det også i år ein auke i tilbodet for Unge Vaksne i Bjørgvin. Mesteparten av denne auken i aktivitet er knytt til at St. Jakob no har funne ei god styringsform og har særst gode medarbeidarar. Det er studentlunsj kvar fredag, då ein òg kan nytta heile bygget som lesesal. Ein har “St.Ja-kor” med ca 100 medlemmer, i tillegg er det er temakvelder, bibelgrupper og gudstenester kvar søndag kveld i studieåret. 34 gudstenester er forordna av biskopen, nokre av desse er dei tidlegare studentgudstenestene og nokre er gudstenester flytta frå Bergen Domkirke. Ca 40 medlemmar reist til Taize i påsken, noko som har ført til at ein har jamlege Taize-samlingar i kyrkja. Ein har innreidd kyrkja til dette arbeidet og har i 2022 gjort ei god oppgradering av kjøkken og i kyrkjerom i god dialog med riksantikvaren.

Rapportering av ungdomsarbeid i SSB-statistikken og i planverktøy for trusopplæring

Når det gjeld rapportering i SSB-statistikken for ungdomsarbeid 13-18, så kan vi sjå at det er ein del sokn som ikkje rapporterer her. Vi veit om fleire sokn der dei har t.d. leiarkurs, men det er ikkje rapportert i SSB tala. Ein grunn kan vera at dei ikkje er direkte under soknerådet, men knytt til ein organisasjon, og at difor sokna vel å ikkje rapportera på dei her.

Fleire av desse sokna har derimot, for leiarkurs og aktivitetar, rapportert i trusopplæringsverktøyet under «øvrige tiltak» og det er ei gledeleg utvikling. Det kan tyda på at ein har lukkast med å få ned skilje mellom trusopplæringstiltaka og dei kontinuerlege tiltaka som ofte skjer i samarbeid med ein organisasjon. Fordelen med at det vert rapportert i trusopplæringsverktøyet er at det opnar opp for kommentarar som gir oss lærerik kunnskap.

Eit anna funn etter stikkprøver i trusopplæringsverktøyet, er at det ser ut som ein fleire stader slit litt med å få til gode ungdomsgudstenester, trass i auka tal i statistikken. Dette er ei utfordring som bispedømet kan ta tak i som ein del av den vedtekne strategien.

Gudstenester for ungdom

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Ungdomsgudstenester	391	412	399	254	348	340
Deltakarar	43110	47187	45687	15975	25646	34963
Gjennomsnitt	110	115	115	63	74	103

Talet på deltakarar på ungdomsgudstenester har gått opp, men er 23 % lågare enn 2019-nivået. Samtidig ser ein at gjennomsnittleg deltaking er berre 12 prosentpoeng lågare enn i 2019. Dette kan tyda på at ungdomsarbeidet og gudstenestearbeidet for konfirmantar er på veg opp og ein klarar å samla større grupper.

3.B.3.2.2. Deltaking i kriseteam og beredskapsråd

Resultatmål: 3.2.2 Kyrkja si rolle i sivilsamfunnet vert styrka

Indikator 3.2.2: Deltaking i kommunale kriseteam. Deltaking i fylkesberedskapsråd. Kvalitativ vurdering (BDR)

Bispedømet deltek i fylkesberedskapsrådet med domprosten og med personalrådgjevar som vara. Det er nær kontakt med Bergen kommune om dei endringane som har skjedd på det kommunale området. I distrikta er ofte kontakten tettare, og slik sett er samarbeidet godt fungerande, og kyrkja inkludert. I mars 2023 vil bispedømet gjennomføre eit kurs for om lag 20 prestar som vil kunne trå til ved større kriser, og som får fornya og auka kompetanse. Kurset, og ein blogg er utvikla av domprosten i samarbeid med ressursar på dette området, knytt til fagmiljøet på universitetet i Bergen.

Når det gjeld deltaking i kommunale kriseteam melder prostane at det varierer. Nokre stader er prestane med, andre stader ikkje. Dette varierer med måten kommunane organiserer seg på og kva andre ressursar dei har i sitt kriseteam, t.d. psykologar. Det synes å vera ein tendens til at der ein har omorganisert, t.d. ved kommunesamanslåing, fell presten ut. Det er generelt gode tilbakemeldingar på prestane sin innsats i kriser og etter ulukker med open kyrkje og liknande tiltak.

3.B.3.2.3. Fellesskap for nye i Noreg og flyktningearbeid

Resultatmål: 3.2.3 Fleire kyrkjelyder tilbyr fellesskap til nye i Norge.

Indikator 3.2.2: Kvalitativ vurdering (BDR)

Prostane melder om mange gode tiltak retta mot flyktningar og innvandrarar. I 2022 har det naturleg nok vore særleg fokus på ukrainske flyktningar.

Her tar vi med nokre døme frå eit av prostia, Sunnfjord prosti som hadde det eine av to gjenverande asylmottak i fylket i Florø:

- Interkulturell kafé i Hyllestad kyrkje med godt oppmøte av ukrainske flyktningar.
- I Askvoll hadde dei eit samarbeid med bl.a. Røde kors og skipa til Temakveld «Ny i Askvoll» - møte med ukrainske flyktningar.
- «Julaften for alle», felles feiring i både Førde og Florø. Det var eit breitt samarbeid med mellom 50 og 100 deltakarar begge stader.
- Det er stort asylmottak i Florø og dei hadde kontor som kunne ukrainsk og hadde mykje kontakt med flyktningar og ved påske hadde dei ortodoks påske med kyrkjekaffi ute.
- I Florø har dei òg Internasjonalt kor i Kinn som øver i kyrkja, det starta opp hausten 2022 som eit samarbeid med soknerådet. Fleire utsette grupper deltek her.

Tal på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid

Sokn med integreringstilbod			Tilbod retta mot innvandrarak			Tilbod retta mot andre utsette grupper		
2021	2022	endring	2021	2022	endring	2021	2022	endring
18	43	139 %	16	38	138 %	7	18	157 %

Tabellen viser auke i talet på sokn som har integreringstilbod og då særleg med tanke på tilbod retta mot innvandrarak. Talet på tilbod retta mot andre utsette grupper viser ein positiv utvikling, men talet på tilbod er såpass lågt at små endringar vil gje store utslag, slik tilfellet er her. Grunnen er truleg todelt, arbeidet blitt tatt opp att etter pandemien og at det har vore eit særleg fokus på ukrainske flyktningar.

Kyrkjemøtesaka om kristne migrantar frå 2020 har gjeve ei viktig påminning om vårt ansvar for flyktningar. Men det er vår vurdering at dette arbeidet treng den spesialkompetansen som organisasjonane kan tilby og at det difor er rett å satsa på Kristent Interkulturelt Arbeid Bjørgvin (KIA), som bispedømet var med å etablere. Bjørgvin bispedøme har støtta KIA gjennom fleire år, også i 2022, med midlar gjennom OVF-tildelinga for at skal kunna arbeida etter si målsetting; "å skape gode arbeidskvalifiserande møteplassar og lærearenaer for formidling av norsk kultur, språk- og samfunnskunnskap, bygget på dokumentert fagkompetanse og relevant livserfaring. Mesteparten av dette arbeidet utføres av frivillige, veiledet og organisert av ansatte."

3.B.3.2.4. Nyskaping og innovasjon

Resultatmål: 3.2.4 Kyrkja bidrar til nyskaping og innovasjon

Indikator 3.2.4: Prosjekt vi gir innovasjonsmidlar, kvalitativ vurdering (BDR/KFØ/FØ)

«Inviterande kyrkje» er eit kurs utvikla av diakon Marianne Magnussen. Kurset har fått innovasjonsmidlar frå Kyrkjerådet og fleire kyrkjelydar i Bjørgvin har prøvd det.

Kurset har lukkast i å aktivisera kyrkjelydane og er nyskapingande i den forstand at nye ting har skjedd i kyrkjelydane etterpå, det har opna opp for at ein har våga å gjera ting på nye måtar og invitera folk inn.

Frå Vaksdal i Hardanger og Voss prosti melder dei at ikkje alle sokna i kommunen ville vera med, nokon av sokna syntest dette vart for uvant for folk. Dale gjennomførte kurset med fire kursdagar og hadde stand i bygda med vaflar og spørreundersøking om kva folk i bygda

ynskte i kyrkja. Resultatet vart ein dag då ein kunne stilla spørsmål til presten og kafésamling med quiz. Drop-in-dåp har blitt prøvd ut fleire stader, blant anna på Tysnes der dei kalla det «dåp utan stress» og hadde 9 born og unge til dåp. Fleire kyrkjelydar held fram med å strøyma gudstenester som under pandemien og når mange med gudstenesta på skjerm, utan at det kjem færre til kyrkja. Resultatet for det faste kyrkjelyden vart at ein våga å vera meir utadretta og å invitera folk til fellesskapet utanom gudstenesta.

Hyllestad i Sogn gjennomførte det same kurset og melder om at det hadde ein fornyande effekt på arbeidet. Det var motiverande for dei kyrkjevante som var med at dei måtte ha rollespel og øva seg på å invitera folk. I Hyllestad har dei ikkje kyrkjelydshus, men har ominnreidd kyrkja så den kan brukast fleksibelt. Som følgje av kurset har dei satsa på Interkulturell kafé i kyrkja på laurdagar annankvar månad, der dei særleg inviterer innflyttarar frå andre land, både flyktningar og innvandrarar. Dette har slått godt an og fyrste gongen kom det omlag 40 personar frå åtte ulike land.

Kurskveldane har vore samansett av grundig undervisning og praktisk tilnærming med ulike oppgåver i gruppe, tema har vore: Invitere til diakonale tilbod, Invitere til lågterskeltilbod med kristent innhald. Invitere menneske til samtale om tvil og tru.

Vår vurdering er at eit slikt kurs med tydeleg undervisning og som er tilpassa kvardagen i dei ulike sokna verkar motiverande, hjelper til å sjå kva som er mogeleg og bidrar til lokal nyskaping og ny giv etter koronaåra. Bispedømet har hatt nytte av at kyrkjerådet har gjeve støtte i utviklingsfasen.

3.B.3.2.5. Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne

3.2.5 Bjørgvin bispedøme sin strategi 2:

Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne der dei kan

- vere – og finne trygge og gode møteplassar
- skape – og bruke sine egne kulturelle uttrykkformar
- bere - og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd
- tru - ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap



Strategiske fellestiltak frå bispedømet – Samanteamet 2022

“Saman på hjul” vart starta i januar 2021 som eit svar på at mange tilsette i kyrkja fortalde om at dei var rådlause og slitne etter første året med pandemi og mange avlysingar for konfirmantkulla. Tidlegare år har bispedømet arrangert stor-leir for konfirmantar. “Saman konfirmantleir” samla om lag 500-600 konfirmantar frå Bjørgvin i 2018 og 2019. Då leiren vart avlyst i 2020 måtte ein endra strategi for å nå same mål om å styrka konfirmantarbeidet. Resultatet vart “Saman på hjul”, eit tilbod om å få besøk av eit team med unge musikarar, danseleiarar, aktivitetssinnhold, kreativ undervisning og taler frå «farmen-presten» Thor Haavik. Dette har halde fram i 2022.

Det tverrfaglege samarbeidde mellom bispedømet, prost, lokalt tilsette og barne- og ungdomsorganisasjonar byrjar å få ei god form og bere frukt.

Sunnfjord og Nordfjord prosti har vore dei viktigaste satsingsområda og pilotprosjekta for bispedømet. I begge desse prostia har konfirmantfestival ført til større samarbeid mellom organisasjon og lokalt tilsette. Nytt i år er satsing på leiarutvikling ved å ha ein førkveld for fjorårskonfirmantar og leiarar. Prostane har vore vesentlege bidragsytarar for eit godt samarbeidsklima.

Effekt lokalt

Satsinga på Samanteamet ber frukt ved at lokalt tilsette har i større grad har sett sitt ansvar for å planleggja og gjennomføra tiltak for aldersgruppa etter konfirmant tida.

Det er grunnleggande for Samanteamet sitt arbeid er at kontakten med ungdommane startar i konfirmasjonstida. Her har me sett ein positiv effekt av relasjonsbygging mellom tilsette (prest og kyrkjelydspedagog) og konfirmantar på deltaking etter konfirmasjonstida. I Askvoll har satsinga med besøk av Samanteamet og organisasjonen KFUK/M ført til at fjorårskonfirmantar vart med på Vegkryss i august rett etter dei var konfirmerte i mai og at fleire deltok på førkveld før konfirmantfestival i Sunnfjord.

Vurdering av prosjektet

Bispedømet sitt hovudmål med å reisa rundt med Samanteamet er i størst mogleg grad å byggja bru frå konfirmasjonstida og til vidare deltaking i den lokale kyrkja og i organisasjonar som driftar ungdomsarbeid. Dette ser ut til å ha lukkast. I løpet av to korte år ser det ut til at samarbeidet mellom bispedøme, prost, lokalt tilsette og barne- og ungdomsorganisasjonar gir ein viss effekt i form av større deltaking av aldersgruppa 15 lokalt og på diverse arrangement. Bispedømet vil difor halda fram med å jobba tverrfagleg slik at verknaden av denne satsinga kan setja seg i større grad.

Det er to faktorar som har bidratt til at dette har lukkast:

Bruken av talarar som har spissa talane sine mot aldersgruppa 14-15 år. Det er ei krevjande gruppe å tala til, men Thor Haavik (Farmen-presten) har fått svært gode tilbakemeldingar både frå ungdom og tilsette fordi han har teke på alvor kven han kommuniserer med i talane sine og formidlar evangeliet i talar som er både godt innøvd og ei levande formidling.

Bispedømet har òg sett vilkår om lokalt samarbeid for å reisa ut. For å fremja eit godt samarbeid på tvers reiser Samanteamet no i hovudsak ut når heile prostiet samarbeider om ein felles konfirmantfestival i prostiet sitt.

Ungdomsdemokrati

Ungdomsrådet og ungdomskonferansen Vegkryss

Bjergvin har dei siste tre åra satsa breitt inn mot ungdomsdemokratiet. Ungdomskonferansen Vegkryss er ei satsing for å vekka til liv ungdomsdemokratiet i Bjergvin, men samtidig også for å vera til inspirasjon og styrking for ungdomsleiar frå heile bispedømet. Denne kombinasjonen har vist seg å fungera godt. Fleire kyrkjelydar valde å bli med på Vegkryss som ein inspirasjon for leiarmiljøet i kyrkjelyden. Vegkryss vart gjennomført 19-21.8.2022 med 65 deltakarar frå sju ulike prosti.

I 2022 hadde vi eit engasjert ungdomsråd og dei fleste vart attvalt. Denne satsinga krev at me tilsette er tett på dei unge og lyttar oss inn på tankane deira for det lokale arbeidet til kyrkja og satsing på ungdom. Det vart utvikla eit samarbeid med tre andre bispedøme,

Agder, Stavanger og Nidaros. Vi samla ungdomsråda våre til felles øvingshelg for demokratisk tenking og øving på debatt, innlegg og komitéarbeid i Stavanger. Dette var svært nyttig og har gitt gode resultat inn mot forståing og gjennomføring av vårt eige ungdomsting og ikkje minst innsatsen på ungdomsrådsmøta våre.

Ungdomsrådet vedtok i 2022 at dei vil inkludera barne- og ungdomsorganisasjonane i planlegging og gjennomføring av Vegkryss-23.

3.B.3.3. Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og arena for frivillige

3.B.3.3.1. Trivsel og arbeidsfellesskap

Resultatmål: 3.3.1 Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben og har eit inkluderande og likestilt arbeidsfellesskap

Indikator 3.3.1: Sjukefråver, tal på kyrkjelydar med HEILT MED-tilsette eller liknande (attføringsbedrifter) (HR/FØ,BDR)

Sjukefråvær alle tilsette

Totalt	%	1-3 dagar	4-16 dagar	>16d
Bjørgvin	6,90 %	0,36%	1,05%	5,48%
Kvinner	13,12 %			
Menn	4,21 %			

*Sjukefråværstala er henta i frå SD Worx. Fråværstala er rekna på bakgrunn av mogelege dagsverk. Skilnader mellom kvinner og menn i tal sjukefråværsdagar var ikkje tilgjengeleg frå SD Worx.

Bjørgvin har hatt eit sjukefråvær på 6,90% for prestetenesta i 2022. Det er ein auke frå 2021 i prestetenesta (4,96%). Bjørgvin presteskapet og administrasjonen har hatt ein auke sjukefråvær frå 2021 (1,38%) til 2022 (4,68%).

Ein kan sjå ein auke i sjukefråvær 1-3 dagar samanlikna med i fjor med 0,15%. Dette skuldast truleg gjenopninga av samfunnet etter pandemien. Ein kan òg sjå ein aukande tendens i 4-16 dagar sjukefråvær med 0,44%. Det kan tenkast at det skuldast gjenopninga av samfunnet og ein auke med sjukdommar som ikkje er relatert til covid-19. Dei høgaste tala finn ein i langtidsjukefråværet. Dette skuldast i all hovudsak sjukefråvær som ikkje er arbeidsrelatert, og heller ikkje knytt til covid-19. Som ein rekna med i 2021, så har sjukefråværet i 2022 auka.

Likestilling, inkludering og mangfold

Det er utarbeidd og vedtatt eit forventningsdokument og ein handlingsplan for Den norske kyrkja når det gjeld arbeid med *Likestilling, inkludering og mangfold* (LIM). Med utgangspunkt i inkluderingsdugnaden og nemnde handlingsplan har Bjørgvin bispedøme hatt nådd måla på følgjande punkt:

- Personar med hol i CV'en har vore innkalla på intervju.
- Det har vore tilrettelagt for tilsette med nedsett funksjonsevne
- Synleg inkludering, likestilling, og mangfold på bispedømet sine storsamlingar.

Eit døme på det siste er Stiftsdagane i juni for alle kyrkjeleg tilsette. Det er alltid eit mål å få god balanse mellom kjønn på dei som er på scenen i løpet av dagane. Dette året var

konferansier Irene Kinunda Afriye, som arbeidar i Fargespill i Bergen, formidla eit positivt og tankevekkande utanfråblikk på møtet med kyrkja vår. Ho formidla med humor, varme og innsikt dei ulike utfordringane med å bli integrert og kva kyrkja kan bidra med.

Presteteneste

Delmål: Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje

Kyrkjelege handlingar pr prest

I 2022 hadde vi 50,6 gudstenester per prest, dette er ein auke frå pandemiåra med 48 i 2021 og 44 i 2020, I normalåret 2019 hadde vi 53 og i 2018 51. Det er ein auke på gravferder per prest og vigslar per prest. I snitt er det då 86,4 gudstenester og kyrkjelege handlingar per prest.

	Prestar	Konfir- mantar	per prest	Vigslar	per prest	Grav- ferder	per prest	Dåps- handlingar	per prest
2017	152,15	5 221	34,3	883	5,8	4 184	27,5	4 398	28,9
2018	152,6	5 220	34,2	847	5,6	4 258	27,9	4 108	26,9
2019	155,15	5 108	32,9	750	4,8	4 214	27,2	4 101	26,5
2020	154	4 944	28,8	558	3,3	4 189	24,4	3 465	20,2
2021	156,5	4 718	30,1	575	3,7	4 125	26,4	3 612	23,1
2022	154	4 730	30,7	948	6,2	4 683	30,4	4 034*	26,1

*Dåpstala er underrapportert i tida for årsmelding, dette er eit estimert tal.

Prestedekning

Vi har i 2022 171,65 presteårsverk. Dette inkluderer også prostar og biskop. Av desse er 8,5 spesialprest på institusjon eller studiestad. 11 prostar gjer 50 prosent presteteneste. Det gjev 154 årsverk i kyrkjelydsteneneste.

I tillegg har vi hatt mange vakansar. Vi har forholdsvis god tilgang på vikarar, mykje takka vere pensjonerte prestar. I om lag halvparten av dei vakante stillingane har vi hatt faste vikarar. Det har vore ein auke i bruk av vikarar og enkelttenester heilt frå 2018, og dette har auka vidare også i 2022. Vi vil peike på ei litt usynleg side av dette som handlar om tilrettelegging. Både lokal prest og prost får eit meirarbeid når det er mange vikarar inne. Det blir difor ein slitasje over tid, når det er mange vakansar. I nokre prosti gjeld dette også stillingane i fellesrådslinja. Det er difor satt ned eit arbeid for å sjå på dette. Ei ny side av dette er handlar om byprosti, der ein no har mange kapellanstillingar som ikkje får søkarar.

Utlysing, søknadar og tilsettingar i prestetenesta

Vi har i 2022 hatt 27 utlysingar, 5 av desse er lyst ut fleire gonger. Totalt har det vore 37 søknader og vi har tilsett 11 prestar.

Aldersfordeling og stillingskategoriar faste og vikarar

Tilsette pr 31.12.2022

Aldersfordeling	39 år og yngre	40-49	50-59	60 +	Totalt
Prostar + biskop		4	3	5	12
Prosti- og seniorprest	1	1	3	2	7
Spesialprest	3	2	4	3	12
Sokneprest	8	26	35	40	109
Kapellan	9	2	3	0	14
Totalt	21	35	48	50	154

Tala er henta frå Aditor Sdworx

Vurdering av bemanningssituasjonen

Björgvin bispedøme har høg gjennomsnittsalder på presteskapet. Det er positivt at det er fleire yngre søkjarar i 2022, då to tredjedelar av presteskapet vert pensjonistar i løpet av dei neste 20 åra. Rekruttering til prestetenesta må vera langsiktig då utdanninga tek seks til ti år. Vakansar i Björgvin vert handtert ved at fleire unge under utdanning samt pensjonistar hjelper til.

3.B.3.3.2. Frivillig teneste

Resultatmål: 3.3.2 Fleire vert engasjert til frivillig teneste i kyrkja

Indikator 3.3.2: Tal på frivillige (splitta på i kva samanhengar), Kvalitativ vurdering, gode historier (SSB)

Frivillige i Björgvin bispedøme	2019	2020	2021	2022	Endring i % 2019-2022	Endring i % 2021-2022
Totale tal på frivillige	12 120	10005	9299	10359	-14,5	11,4
Gudstenesteplanlegging og gjennomføring	4 503	3864	3507	4073	-9,5	16,1
Barnarbeid (0 - 12 år)	2 486	1665	1410	1803	-27,5	27,9
Ungdomsarbeid (13 + år)	2 061	1447	1411	1600	-22,4	13,4
Diakonalt arbeid	2 076	1813	1654	2270	9,3	37,2
Kunst- og kulturarbeid	2 053	1536	1440	2011	-2,0	39,7
Komitéar og utval	2 927	2816	2699	2821	-3,6	4,5
av dette i sokneråd	1 661	1491	1366	1406	-15,4	2,9
I anna frivillig arbeid	1 846	1550	1378	1591	-13,8	15,5

Samla tal på frivillige i Björgvin bispedøme viser ein auke på 11,4%, men det er likevel 14,5% under nivået for 2019. Alle kategoriar fylgjer det same mønsteret i varierende grad bortsett frå diakonifeltet som har ein auke frå 2019-nivået. Det tydar på at det har vore dette arbeidet som har vore lettast å starta opp att etter pandemien.

Det er verdt å merke seg den store nedgangen i forhold til 2019 i talet på frivillige i kategoriane Barnarbeid (0 - 12 år) og Ungdomsarbeid (13+år). Her er nedgangen på heile 27,5 og 22,4 prosent og tydar på at mange av dei som var med før pandemien har gitt seg. Dette er ei stor utfordring både for trusopplæringa og for korleis ein arbeidar med frivillige uløna medarbeidarar.

Vurdering og analyse - vegar vidare

Når frivillige ikkje lenger berre dukkar opp, treng kyrkjelydane hjelp til både å tenka rett om kyrkjelydsfellesskap og frivillig teneste og korleis dei konkret skal ta vare på og rekruttere frivillige. Bispedømet har hatt ei satsing på arbeid med frivillige i 2022 og rekna med at vårt bispedøme og kyrkja som heilskap skulle få litt hjelp i rekrutteringa av frivillige når heile Noreg i 2022 hadde fokus på frivillig arbeid gjennom regjeringa si satsing på «Frivillighetens år».

Vi har distribuert vårt nye og reviderte hefte om frivillig arbeid: «Våge, tru og bevege – om frivillig teneste i kyrkjelydane» til sokna og dei tilsette. Det skjedde i 2021 med plan om implementering i 2022 og komande år. Arbeidet med frivillige har vore tematisert både på

Stiftsdagane i juni og på diakonikonferansen i september. Men dette er eit langsiktig arbeid og det vil framleis vera trong for at bispedømet gjennom kursing og opplæring av tilsette og frivillige intensivere arbeidet med rekruttering og oppfølging av frivillige i bispedømet.

3.B.3.3.3. Digitale verktoy

Resultatmål: 3.3.3 Kyrkja sine verktoy for digital samhandling vert utnytta

Indikator 3.3.3: Tal på kyrkjelydar som brukar Skjer i kyrkja

I Bjørgvin er 124 einingar på skjerikyrkja.no, 10 av desse er fellesråd.

Digital møteverksemd

Vi ser også både bispedømekontoret, prostane og prestane og mange stabar brukar digital kommunikasjon som Microsoft Teams til møter. Bispedømet sine rådgjevarar har bruka Teams og Zoom for både kurs og samtalar. Til dømes skjedde alle prostesamtalane med kyrkjefag på Teams og mange av dei interne møta har vore hybridmøter der deltakarar kan vera med digitalt og unngå reiser.

3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd

3.C.1 I biskopens søkelys

Kvalitetsutvikling på visitasar

Biskopen har på same måte som tidlegare år nytta visitasane til å leggja særleg vekt på to tema: 1) Gudstenesta, både oppmoding om å laga gode gudstenester, med gudstenesteutval og involvering og oppmoding til kyrkjelyden til å delta. Dette siste året har det og vore fokus på oppstarten etter pandemien 2) Gjevarteneste der medlemene kan bidra til barne- og ungdomsarbeid, diakoni eller kyrkjemusikk etter kva som ligg dei nærast. På visitasen er soknerådet blitt oppfordra til laga praktiske ordningar for gjevarteneste og prestane til å forkynna fram gjevarglede.

I 2022 måtte biskopen ta igjen etterslepet av utsette visitasar frå pandemiåra og hadde seks visitasar i løpet av våren i til saman seksten sokn der det var 15-17 år sidan sist visitas.

På hausten var det ingen visitasar, men ein avskilsturne til alle 11 prosti med møte med tilsette på dagtid og gudsteneste og møte med sokneråd og frivillige på kveldstid.

Vår vurdering er at gjeldande mal for visitasar har fungert godt med dei lokale tilpassingar som vert gjort saman med lokal stab, prost og bispekontor, men at tida er mogen for ein revisjon fordi mykje har endra seg i forholdet mellom samfunn, skule og kyrkja. I tillegg går ein mot ei ny rolle for biskopen med større vekt på tilsyn for alle yrkesgrupper og dette må speglast betre i visitasen. Visitasane fungerer som inspirasjon og strategiarbeid, men det er eit ope spørsmål om visitasen fungerer som kvalitetsutvikling når det er 15-17 år mellom kvar visitas.

3.C.2 Forvaltning av saker knytt til kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Biskopen sine saker knytt til forvaltning av kyrkjer	2018	2019	2020	2021	2022
Ombygging av kyrkjer – fem saker var knytt til universell utforming.	21	11	17	22	31
Bygging i kyrkja sine omgjevnadar (uttale frå biskop)	7	13	8	10	13
Kyrkjetekstil	16	11	2	16	8
Inventar (inkludert liturgisk utstyr og kyrkjekunst)	4	9	6	9	8
Benkar/stolar	5	6	1	8	7
Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs, varme)	9	10	4	0	11
Andre saker, bl.a. brannvarslingssystem	3	6	6	6	5
Medlemsskap	4	90	1	2	5
Fråsegn til kommunale planar, reguleringsplanar m.m.	16	7	10	10	20
Bispedømerådet har hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjeordninga					
Betaling for bruk av kyrkjene	-	-	-	-	1

IV: Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll

Hovudmål: Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

Bjørgvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Tildelingsbrevet og årsplan dannar grunnlaget for prioriteringar i arbeidet.

Bispedømerådet vurderer at samla måloppnåing er god, ut frå dei rammevilkåra som har vore gjeldande. Samla vil vi meine at bispedømerådet har nytta tildelinga godt både innan prestetenesta og administrasjonen. Unytta midlar knytt til vakansar i prestestillingar har vore nytta strategisk inn mot prosjekt som tydeleg har som mål å auke rekrutteringa på lang sikt. Bispedømet si langsiktige, strukturerte satsing på ungdomsarbeid er også ein del av dette.

Det vert samstundes arbeidd med risikoanalysar for ulike sider ved verksemda. Den overordna, årlege risikovurderinga, syner at risikobildet ikkje er kritisk, men at vi har nokre særlege utfordringar:

- Oppslutning rundt dåp er fallande over tid, og krev merksemd.
- Rekruttering til prestestillingar og andre kyrkjelege stillingar er låg. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, så vil dette bli kritisk om ein ikkje får endra trenden.
- For få tilbod til ungdom vil svekka kyrkja på sikt.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar gjennomgåande fungerer godt. Følgjande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkja sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk.
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor akseptabelt nivå.

Det har vore arbeidd tettare opp mot styret i Kyrkjeverjelaget i 2022. Dette vil vi vidareutvikle for 2023. Vi ser at tett dialog rundt ulike satsingsområda og samla styring på ressursbruk kan gje betre måloppnåing på sikt.

Gjennomgang viser at tiltak som er gjennomførte verkar fungere, og vil bli følgt ytterlegare opp for perioden 2021-2024.

4.A. HMT/Arbeidsmiljø

Det overordna målet for arbeidet med Helse, miljø og tryggleik (HMT) i Bjørgvin bispedøme:

Tilsette i Bjørgvin bispedøme skal ha eit arbeidsmiljø i tråd med AML §1 –1, og som medverkar til at medarbeidarane kan utføre kyrkja sitt oppdrag på ein god måte.

Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme

1.1 Trygt og helsefremmande arbeidsmiljø

1.2 Verksemda skal vere prega av eit systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

1.3 Vi har eit arbeidsmiljø med moglegheit for utvikling og trivsel

1.4 Vi har eit arbeidsmiljø der involvering og medverknad står sentralt

1.5 Vi har eit arbeidsmiljø som tek ansvar når det gjeld vern om skaparverket

For å ivareta og nå det overordna målet for arbeidet med HMT i Bjørgvin bispedøme vart det planlagt a) HMS-dagar i alle prostia, b) samling for lokale verneombod, c) samling for hovudverneombod, d) stiftsdagar for alle kyrkjelege tilsette (2022), e) stiftsmøte for prestar (2023) og f) sikre gjennomføring av vernerundar i alle sokn.

Nokon prosti har hatt HMS-dagar, medan andre ikkje. Vi har hatt to faglege samlingar for lokale vernebod. I løpet av dei to samlingane blei alle fullverdige verneombod. Hovudverneombod har delteke på årleg samling og kurs. Stadig fleire sokn gjennomfører vernerundar. Vi ser at størrelsen på fellesrådet har noko å seia for evne til å gjennomføre vernerundane.

Ved nærmare gjennomgang vart det planlagt fleire tiltak for å sikre dei ulike delmåla. For å nå delmål 1.1 har alle samordningsavtalar for HMS-arbeidet mellom Bjørgvin bispedømeråd og fellesråda blitt samla inn. I tillegg har sjukefråvær og oppfølging av sjukefråvær vore faste sakar på RAMU.

For å nå delmål 1.2 har vi klart å auke bruken av MittVarsel og avvikssystem blant prestane. Bruken av MittVarsel har blant anna vore oppe i prostemøte og blitt lenka til på Bjørgvin sin heimeside. Vi har følgeleg teke i mot eitt avvik og fire varsel i løpet av 2022. Det har vore eit mål at prestane og andre skal ha kjennskap og tillit til våre rutinar for varsling. På bakgrunn av tal på varsel og avvik, kan ein seia at vi har lukkast med det. Alle avsendarar har fått svar om at vi har teke i mot varsel/avvik i medhald av våre rutinar. Alle avsendarar òg fått saka si behandla og avslutta, og fått beskjed om dette etter våre rutinar. Det har vore sendt inn innspel til Kyrkjerådet for å betre MittVarsel, slik at systemet er enda meir brukarvennleg for varslar og saksbehandlar.

ABV har vorte prioritert for å nå delmål 1.3. Personalprest har regelfaste ABV-møte med prestar.

Leiinga har eit godt samarbeid med hovudverneombod og stiftsstyreleiar. Det gjennomførast fire Kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Vi har lykkast godt med delmål 1.5. Gode retningsliner på reiser og reiserekning har gjort det enklare å redusere utslepp og få til fleire digitale møte. Fleir bruker meir miljøvennlege alternativ for reise og fleir kjenner til retningslina.

Sjukefråvær er omtalt i kap. 3.B.3.3.1.

Miljøfyrtårn

Bjergvin bispedøme vart resertifisert som Miljøfyrtårn i desember 2019.

- Kontorhandboka er digitalisert og blir halden oppdatert
- Arbeidet med miljøfyrtårn etter resertifiseringa er framleis med på å kvalitetssikra arbeidet med HMT
- Kontinuerleg arbeid mot FNs og Kirkens berekraftsmål
- Ny resertifisering mars 2023

Systematisk HMT-arbeid

Medverkinga vert ivareteke ved at det blir gjennomført fire kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Prostane melder at dei har brukt tid på konvent i 2022 på å gå gjennom medarbeidarundersøkinga 2021. Prostia skulle utarbeide ein handlingsplan som skal følgjast opp fram til neste medarbeidarundersøking. Alle handlingsplanar har blitt samla inn og samanfatta i ein rapport som vart vedteke i RAMU. Det generelle inntrykket er at det sosiale aspektet i stabane (fellesskapet og klima for samarbeid) fungerer svært godt, medan klima for motsetnader, evne for gjennomføring og forståing av rolle framleis har behov for betring og at adekvate tiltak er sett i verk.

Introduksjonsprogrammet («onboarding») har vore av spesiell betydning. Blant anna har oppretting av arbeidsgruppe og deira arbeid med rutine og retningslina for dette vore svært viktig. Arbeidsgruppa har blant anna fått tilbakemeldingar og innspel frå ein rapport frå eit studentfirma som gjennomgjekk opplevingane til prestar og prostar i relasjon til introduksjonen («onboarding») i Bjergvin, eit arbeidsmøte med prostane, prostemøte, RAMU og fleire møte med arbeidsgruppa.

Systematisk HMT-arbeid har også blitt ivareteke gjennom at alle fellesråd i Bjergvin har vedteke og signert avtale om samordning. Arbeidet med å følgje opp avtalen om samordning har byrja og det har vore diskutert korleis ein skal gå fram for å følgje det opp.

Arbeidsmiljøet i nokre prosti har hatt spesiell merksemd. Det krev og tett samhandling med fellesrådet, og vi har nokre døme på at små fellesråd blir for sårbare i å handsama utfordringane ein står i. Det er og sårbart når vi har vakanse eller lengre sjukemelding på prost. Vi har difor måtte sjå på korleis ein handsamar desse utfordringane.

Klima har òg vore i fokus i 2022. Tilsette i administrasjonen følgjer no dei nye reisepolicyane til rDnk og registrerer dette via G travel. Tilsette har og fått eit meir medvite tilhøve til bruk av Teams der det er naturleg.

Når det gjeld LIM så er det ei auka merksemd på korleis ein lukkast best mogleg på dette. Det har vore gjennomført LHBTQ+-kurs og fleire av våre tilsette har delteke. Det har samstundes vore mål å ha dette ute i alle prostia, men dette har blitt utsett grunna mange andre prosessar som har kravd merksemd. Bjergvin har mellom anna hatt eit Kvinnenettverk, der styret har hatt gode faglege opplegg på to årlege samlingar. Dette har vore eit godt tiltak dei siste åra, men framover vil det vere viktig å løfte denne kompetansen inn på arenaer for alle tilsette. Dette gjeld for heile LIM-feltet.

Andre tiltak

Personalpresten

Eit viktig tiltak for å betre arbeidsmiljøet og gje mot i tenesta er det arbeidet personalpresten gjer gjennom samtalar med prestane og gjennom m.a. å leggja til rette for retreat, åndeleg rettleiing og arbeids-rettleiing (ABV).

Retreat og åndeleg rettleiing

Retreatarbeid i Bjørgvin bispedøme har i 2022 halde fram samarbeidet med Haraldsplass diakonale stifting om Retreat Bergen. Om lag ein kveld i månaden er det kveldsretreat. I korona-tida vart samlingane tilpassa gjeldande reglar, men utover i 2022 har samlingane på nytt blitt gjennomført på "Søsterhjemmet" på Haraldsplass utan restriksjonar.

Bispedømet har i 2022 halde fram med tilbodet om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan få tilbod om det hjå ein av desse. Dei åndelege rettleiarane vert òg følgde opp. Dei har tilbod om sjølve å gå til åndeleg rettleiing og å få rettleiing på arbeidet dei gjer.

Nytt i 2022 var arbeidet med å utvikle eit kurstilbod i åndeleg rettleiing. Tilbodet vart etablert i samarbeid med NLA høgskulen. Responser på tilbodet var god og i oktober 2022 var 14 medarbeidar - sju av dei prestar - saman med tre kursleiarar frå Bjørgvin samla til fyrste kursveke på retrettsenteret til St. Joseph-systrene på Grefsen.

Å leggje til rette for retreat og åndeleg rettleiing er viktige signal om verdien av desse tilboda. Den gode responsen på tilbodet om kurs i åndeleg rettleiing syner at tilbodet imøtekom noko medarbeidarar etterspør. Retreat og åndeleg rettleiing betyr mykje for motivasjonen og arbeidsglede til dei som nyttar seg av tilboda.

Arbeidsrettleiing (ABV)

I 2022 har talet på deltakarar i ABV-gruppene i Bjørgvin bispedøme hatt ein nedgang. Dette skuldast at dei to ABV-gruppene prostane har delteke i, var sett på vent grunna leiarutviklingskurset prostane deltok i.

Totalt har det då dette året vore 13 grupper i aktivitet, og samla har 81 deltakarar tatt del i arbeidet i gruppene. 57 av deltakarane har vore prestar, 12 kyrkjevevjer, 8 diakonar, ein kateket og 3 kyrkjelydspedagogar. Av dei 13 gruppene har det vore:

- 9 tverrfaglege grupper tre
- 1 seniorgruppe
- 2 grupper for kyrkjevevjer
- 1 gruppe for ABV-rettleiarane med rettleiing på rettleiing

Pandemien førte til eit teknisk og fagleg arbeid med å leggje til rette for ABV-rettleiing på nettet. Dette året har gruppene på nytt hatt fysiske samlingar, men erfaringane med ABV-rettleiing på nett er så gode at nokre av gruppene har halde fram med ei løysing kor nokre av samlingane har vore digitale.

Fleire prestar har og hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid, eller vore med i ordninga med å ha ein mentor. Det har og vore lagt til rette for at studentar som har ynskt det har fått mentor. Ordninga med mentor er i hovudsak for dei som er nye i tenesta, og før ein får plass i ei ABV-gruppe. Mentoren er ein røynd kollega ein kan samtale med om spørsmål og utfordringar i tenesta.

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlege. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Ein bind seg for minst eitt år om gangen, og vel sjølv kor mange år ein vil vere med.

I 2022 har det vore åtte medarbeidarar med arbeidsretteiarutdanning (AVU) i aktiv teneste i bispedømmet. Seks av desse har leia minst ei arbeidsretteiingsgruppe. I tillegg har ein ekstern vegleiar leia ei gruppe. Rettleiarane vert fylgd opp fagleg. Dei møtest jamleg til rettleiing på rettleiingsarbeidet dei utfører, og til ein årleg fagdag. Hausten 2022 starta og tre nye medarbeidarar på treårig arbeidsretteiarutdanning (AVU).

I bispedømmet er det og ei styringsgruppe for ABV-arbeidet med medlemmer frå begge arbeidsgjevarlinene.

Om lag ein tredjedel av prestane i Bjørgvin har i 2022 vore med i ei ABV-gruppe. I tillegg eit aukande tal av fellesrådstilsette. Tilbakemeldingane og fortellingane om verdien av å vere med i av ABV er mange både frå deltakarar og rettleiarar. ABV er eit av dei viktigaste HMT- og personalutviklingstiltaka vi har!

4.B. Likestilling

Bjergvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søkjer teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja». Det er ulikt korleis dette ser ut i dei ulike prostia. Vi har framleis nokre prosti der det er få kvinner, mens det er og nokre prosti som har ein balansert fordeling. Arbeidsgjevar har i mange år lagt til rette for at kvinnelege arbeidstakarar kan bli med i eit kvinnenettverk som samlast to gonger i året. Dette er særleg viktig for dei som arbeider i eit prosti med få kvinnelege kollegaer.

Indikator 1: Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2022

Tal søknadar	Frå kvinner	Prosent kvinner av dette	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av dette
37	8	22%	11	3	27%

Dei siste åra har ein konsekvent tilsett fleire kvinner enn kvinneandelen av søkarane, dette har resultert i ein auke i tilsettingar av kvinnelege søkarar samanlikna med mannlege søkarar. Administrasjonen vil, saman med fagforeiningane, arbeide vidare med å sikre ein auke i talet på kvinner i prestestillingar.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvinnelege søkjarar	28 %	45 %	20 %	23 %	48 %	45 %	22 %
Kvinner tilsett	33 %	50 %	33 %	24 %	27 %	56 %	27 %

Bispedømet ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

Indikator 2: Kvinneandel i leiarstillingar, biskopar og prostar, bispedømekontoret

Bjergvin	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Administrasjonen	1	2	3	33
Prestskapet	3	8	11	27

Når det gjeld kvinnedelen i leiarstillingar i prestskapet og administrasjonen, ligg Bjergvin bispedøme under landsgjennomsnittet. Det inneber at bispedømerådet må halde fram med å arbeide for å auke kvinnedelane i bispedømet, noko ein har eit tydeleg fokus på.

4.C Vurdering av internkontroll

Internkontroll: Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har blitt følgd opp med eit arbeid med å systematisere dette ut frå nye rutinar i det nye rettssubjektet. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Samstundes har vi sett at vi kan bli betre på dokumentasjon på at rutinar er følgt og er kjent.

Bjørgvin bispedøme hadde i 2021 ekstra fokus på opplæring av prostane. 2022 har vore prega av ein del sjukemeldte nøkkelpersonell som har forsinka nokon opplæringsprosessar. Vi har fornya kompetanse i HR-avdelinga for å betre kunne følgje opp det systematiske HMT-arbeidet, gjennomgå rutinar ved prosjektstyring og samarbeidsavtalar med fellesråda. Dette vil danne grunnlag for auka tiltak for forbetring og læring i 2023. Vi har også hatt internrevisjon og gjennom det fått satt merksemd på nokre områder vi kan forbetre.

Vi vurderer også eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege tryggleiksutfordringar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutine fungerer etter intensjonen. Det vil bli ei auka merksemd på å gjennomgå planverk og å øve på ulike scenarior i 2023, særleg med vekt på beredskapsplanar og samspel med ulike andre samfunnsaktørar.

V: Vurdering av framtidsutsikter

Björgvin bispedøme vil ha god evne til å kunne nå fastsette mål også i åra som kjem. Det er samstundes fleire forhold både i og utanfor eiga verksemd som påverkar i kva grad vi som bispedøme vil kunne utføre vårt samfunnsoppdrag.

Folkekyrkja står sterkt, men er under press. Vi ser ei gradvis redusert oppslutning om nokre tiltak og om tradisjonen. Kyrkja er viktig for folk, men kyrkja er ikkje høgt på agendaen hos folk flest i det daglege. Likesæle, eller at ein tar kyrkja som sjølvstøtt, er ei utfordring vi som kyrkje må ta på alvor. Det handlar om å ta det offentlege rommet og synleggjere kva kyrkja er, og kva kyrkja bidreg med i samfunnet.

Dei siste åra har vore redusert dei gode vanane hos folk, dei gode opplevingane som bind folk til kyrkja og kyrkjelyden har vore delvis borte. Dette vil det ta tid å opparbeide igjen, særleg med tanke på barn og ungdom som har mista viktige møtepunkt med kyrkja, møtepunkt som skapar relasjonar.

Oppslutning om dåp, gravferd og konfirmasjon er det kritisk viktig å følgje med på, og å arbeide systematisk med. Dette handlar om teologi, og om praktiske ting som tilgjenge, men djupast sett handlar det om relasjonen medlemmane har til kyrkja, tradisjonen og trua.

Vi vurderer at tilslutninga til konfirmasjonen som viktig både med tanke på gudstenesteliv og dåp. Vi følgjer nøye med på signala om noko lågare oppslutning. Strategisk satsing på kvalitet i konfirmasjonsundervisninga, mellom anna ved konfirmantleir, er vesentleg for å ha god oppslutning og godt omdømme i bispedømet. Dette er òg del av langsiktig satsing i forhold til dåp. Vi har tru for at ei god konfirmasjonstid aukar sjansen for at ein seinare vel å gifte seg kyrkjeleg, døype borna sine og søke kyrkja ved viktige hendingar.

Tillit og omdømme vert til i møtepunktta folk har med kyrkja. I kva grad ein føler at ein høyrer til handlar om korleis ein blir møtt, om språk og haldningar. Desse møtepunktta handlar om det som skjer lokalt, men og om korleis ein møter kyrkja i det offentlege rommet, på sosiale media og ulike plattformer. Det er difor viktig å prioritere godt arbeid med kommunikasjon og informasjon på alle nivå i kyrkja. Det å nå ut med alt det gode som skjer på ein slik måte at folk opplever å høyre til, og blir stolt av å høyre til, er vesentleg. Björgvin har hatt nokre særlege utfordringar knytt til nokre av dei medarbeidarundersøkingane som har vore gjort i 2021. Bispedømerådet og biskop har gjort ulike tiltak over tid. Dette er eit langsiktig arbeid, der medarbeidarundersøkingane og medlemsundersøkinga gjev hjelp til å sette inn riktige tiltak. Prosessen med å rekruttere ny biskop har og synt at bildet av Björgvin ikkje stemmer heilt med fortellingane som blir tradert. Fire av seks nominerte kandidatar var kvinner, og i siste runde tre. Kandidatane vart vurderte ut frå kvalifikasjonar og ikkje kjønn, og det signalet kom både frå bispedømerådet og sokna. Björgvin er meir mangfaldig teologisk enn ryktet som blir tradert. Det er alltid ein risiko for at ein kan misse medlemmer som ikkje likar utviklinga, men det er og kritisk om nokon i for stor får definere rommet i teologien og kyrkja aleine.

I ei tid der oppslutning om dåp, gudstenester og andre aktivitetar går ned er det avgjerande at ein også vågar å satse på fordjuping. Det er og potensiale for å nå ut til ei brei målgruppe ved å fokusere på stille, helse og allmenne ord som alle forstår. *Kyrkja opnar rom for tru. Kyrkja er der livet vert levd. Kyrkja er meir for fleire.*

Vi ser av medlemsundersøkinga at vi er ganske gode på følgje opp grøn gruppe, men vi har meir å hente på å lytte til gul gruppe. Kyrkja sin diakonale profil gjennom gode tiltak og stor grad av frivillig arbeid er noko mange lokale politikarar ser verdien av. I bispedømet sin strategi er frivillig teneste og kyrkja si rolle i lokalsamfunnet noko av det vi vil arbeide med å løfte fram og styrkje.

I 2024 kjem det to store jubileum med Moster 2024 og jubileet rundt Magnus Lagabøtes landslov. Vi har starta arbeidet med å utarbeide noko materiell i samband med dette, som vi håper kan nyttast i skule og i kyrkjeleg samanheng på landsplan. Det blir både ein TV-produksjon og undervisningsmateriell. Målet er å synleggjera dei kristne verdiane om ligg i endringa med kristne lovgjeving.

Det er godt samarbeid mellom dei ulike nivåa i bispedømet. Framtidig kyrkjeleg organisering må vere hensiktsmessig og understøtte at det er kvalitet i møtepunkta med medlemmene på alle nivå. Vi vurderer at det er knytt risiko både til manglande rekruttering av kyrkjelege tilsette og frivillige, redusert økonomi og uavklart organisering. Det er gjort tiltak for å redusere risiko, og vi ser at det å trygge tilsette inn mot dei endringane som kjem vil være avgjerande.

Bjørgvin bispedøme sin strategi for perioden 2021-2024 samsvarar i stort med kyrkjemøtet sin nye strategi. Utrulling av strategien er eit samspel mellom å skape merksemd lokalt og synleggjere handlingsrommet til at lokal kyrkja å bygge sine egne årsplanar opp i tråd med denne.

VI: Årsrekneskapen

6. 1 Leiingskommentarar

Innleiing

Bjørgvin bispedømeråd er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og dekkjer det nye Vestland fylke. Bispedømerådet er eit folkevald organ, valt etter reglar fastsett av Kyrkjemøtet. Rådet sitt formål er regulert i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja §26: Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan gjerast for å vekke og nærja det kristelege liv i kyrkjelydane, og det skal fremja samarbeid mellom dei einskilde sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet.

Det har blitt lagt ned stor innsats både frå prestar og administrativt tilsette for å gjennomføra lovpålagde oppgåver og realisera mål og strategiar som Kyrkjemøtet og bispedømerådet har vedteke. Trass i utfordringar med rekruttering har det vore forsvarleg geistleg betjening i alle sokn.

Bjørgvin bispedømeråd har for 2022 eit samla meirforbruk på kr 1 059 000 i høve til budsjett. I prosentavvik 0% av budsjettet.

Driftsresultat utan tilskot – gruppe 1 – viser eit meirforbruk på kr 2 361 000.

Resultat for tilskot – gruppe 2 – viser eit mindreforbruk på kr 1 301 000.

Bjørgvin sitt budsjett for 2022 var same beløp som tildelinga, altså det var ikkje disponert noko av akkumulert mindreforbruk.

Inngåande balansesaldo 2022 var kr 2 488 000.

Samla utgåande balansesaldo vil vera kr 1 429 000 dersom tala pr i dag vert ståande når rekneskapen er offisielt avslutta 1.mars.

Fordelt på dei to tilskotsgruppene vil saldo vera:

Gruppe 1 – drift, kr 127 000

Gruppe 2 – tilskot, kr 1 302 000

ØKONOMISTYRING 2022

Rekneskapen pr 30.06. viste eit meirforbruk på drift på kr 1 584 000. I korrigert prognose meldte controller mindreforbruk kr 159 000. Stiftsdirektør meldte at Bjørgvin styrer mot balanse. Meirforbruket på drift oppstod i all hovudsak 2.halvår. Dette er samansett, men handlar mykje om at det er mange vakansar, som har hatt meir komplekse løysningar for drift enn normalt. Det har i neste runde hatt ei kostnadsside som vi ikkje like lett kan sjå direkte i rekneskapsrapportane, med rett periodisering. Til dømes når ein kjøper konfirmanthjelp hos fellelsråd og fakturering kjem forsinka.

Bjørgvin har hatt vakanse mange stillingar, det er årsak til mindreforbruk. Det er samstundes meirforbruk på midlertidige stillingar. Det har samanheng med nåde vakanser og sjukmeldingar i faste stillingar.

Dei historiske tala på NAV-refusjonar dei siste 3 åra er som følgjer:

2020: kr 4 879 000
2021: kr 4 315 000
2022: kr 7 661 000

Det er auke i reisekostnadene frå 2021, det og variabel løn har og gjeve sitt bidrag til meirforbruk. FØ har sett nærare på antal kjørte km pr år, og har då gått tilbake fire år.

Statistikken viser:

2019: 892 215
2020: 722 429
2021: 593 669
2022: 899 816

Vi vil måtte følgja opp denne variabelen også neste år, og har lagt dette inn i budsjettet. Her er det også ei utfordring på styring, sidan reisene er knutt til tenesteordninga og prostane ikkje direkte er budsjettansvarleg på reisekostnadane, berre godkjenner av reiseformål. Dette synes også revisjonsrapport P3/2022 at vi bør sjå nærmare på.

Det blei i 2022 satt fokus på fortløpande innsending av reiserekningar. For Bjørgvin har det gitt resultat. Det er rimeleg jamn fordeling mellom 1. og 2 halvår. Pr 1.halvvår var 44% av reisekostnadene bokført.

For budsjett 2023 er det forsøkt å ha fokus på meir presis periodisering. Det vil sikre noko betre økonomistyring. Bjørgvin bispedømeråd har gjort tiltak i tråd med overordna strategiar og planverk. Det har vore prioritert tiltak på feltet ungdomssatsing spesielt, med tanke på den langsiktige rekrutteringsutfordringa ein har på kyrkjelege stillingar og prestestillingar spesielt. Ut frå bispedømet sin buffer var det styrt med ein kalkulert risiko på at det kunne bli eit meirforbruk. Prognosane var likevel at ein styrte mot balanse. Bjørgvin bispedøme har vore forsiktig på å ikkje ha tiltak som gjev auka faste kostnader. Vi har og vore opptatt av å nytte midlane på tiltak vi trur har god effekt på rekrutteringsutfordringane vi har. Mellom anna valde vi difor å ikkje ta deltakarbetaling for prosjekt Saman på hjul.

Bjørgvin bispedømeråd vurderer eigen økonomistyring som god.


Vemund Atle Øiestad
bispedømerådsleiar


Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

NØKKELTAL PR 31.12.22

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	
Budsjettgruppe 1 - Driftsrekneskapen	31.12.2022	31.12.2022		Kommentarar til avvik
Inntekter	-1 635	-787	848	Mange vakante stillinger. Høg NAV-ref. Reiser meirforbr 1 521', drift sum av fleire; mykje aktivitet i samband m avsl biskop.
Tilskot/varekjøp	-748	-317	431	
Lønnskostnader	147 079	148 852	1 773	
Andre driftskostn	18 186	12 773	-5 413	
Sum budsjettgruppe 1	162 882	160 521	-2 361	
Samlet tildeling budsjettgruppe 1				
Avvik budsjett mot tildeling, budsjettgruppe 1			-160 521	
Avvik regnskap mot tildeling, budsjettgruppe 1			-162 882	
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	
Budsjettgruppe 2 og 3 - Tilskot	31.12.2022	31.12.2022		Kommentarar til avvik
Trusopplæring	44 966	45 453	487	
Diakoni	8 256	8 804	548	
Undervisning	11 341	11 608	267	
Kyrkjemusikk	160	160	-	
Anna (inkl OVF)	875	875	-	
Gruppe 3 (kun KR)	-	-	-	
Sum budsjettgruppe 2 og 3	65 598	66 900	1 302	
Samlet tildeling budsjettgruppe 2 og 3				
Avvik budsjett mot tildeling, budsjettgruppe 2 og 3			-66 900	
Avvik rekneskap mot tildeling, budsjettgruppe 2 og 3			-65 598	
Sum 2022	228 480	227 421	-1 059	

Spesifikasjonar:

Årsbudsjett 2022

-formål: spesifisere årsbudsjettet i tildelt ramme samt med planlagt bruk av akk. meir/mindreforbruk

	Tildelt ramme 2022	Budsjettert bruk av akk. meir-/mindreforbruk	Årsbudsjett 2022	Kommentarar til årsbudsjettet og bruk av meir/mindreforbruk
Årsbudsjettet og bruk av meir/mindreforbruk				
Budsjettert under gruppe 1, drift	160 521	-	160 521	
Budsjettert under gruppe 2 og 3, tilskudd	66 900	-	66 900	
Sum budsjettgrupper	227 421	-	227 421	

Akkumulert meir-/mindreforbruk

-formål: vise "oppsparte midlar" for einingane og endringa i desse

	Akkumulert "beholdning" pr 01.01.22	Mer-/mindreforbruk 2022	Akkumulert "beholdning" 31.12.22	Kommentarar til akkumulert meir/mindreforbruk
Akkumulert meir-/mindreforbruk				
Akkumulert i budsjettgruppe 1	2 488 000	-2 361 000	127 000	
Akkumulert i budsjettgruppe 2 og 3	-	1 302 000	1 302 000	
Sum budsjettgrupper	2 488 000	-1 059 000	1 429 000	

Spesifikasjon av Ovf-midla:	2022			Kommentarer, eller referanse til kommentarer
Ovf	Regnskap	Budsjett	Avvik	
Administrasjon - 491			-	
Diakoni - 492	296		-296	
Barn og unge - 493	203		-203	
Gudstjenesteliv - 494	84		-84	
Kyrkjemusikk og kultur -495	142		-142	
Samisk kyrkjeliv -496			-	
Andre fellestiltak (inkl SMM) - 497	150		-150	
Internasjonale og økumeniske organisasjonar -498			-	
		875	875	
Ovf total (for rapportering til Ovf)	875	875	-	

Gitt at resultat 2021 vert ståande slik vi her har gjort greie for, vil Bjørgvin ha kr 2 488 000 i inngående balanse 2022.

Vedlegg

Gjennomført program for biskop Halvor Nordhaug 2022

JANUAR

18. - 23. Visitas Søreide

26.-31. Prostesamtalar

8.-16. Besøk til vennskapskyrkje, Cuba

18.-20. Bispemøte

23.-26. Visitas Askvoll

FEBRUAR

1.-3. Prostesamtalar

8. Felles samling for arbeidsgjevarar

14.-18. Bispemøte, Asker

23. Bispedømeråd

27. Kateket- og diakonvigsling, Knarvik

JUNI

8.-9. Stiftsdagar

10. Bispedømeråd

15.- 19. Visitas Ulvik

10.-23. Veggen til vigsling (VTV)

27.06-1.07 Nordisk bispemøte på Island

MARS

2.-6. Visitas Kinn, Bru, Eikefjord og Nordal

6. Diakonvigsling, Florø

8.-10. Prostemøte (inkludert leiarutvikling med Inovati)

9. På trua laus

15. Bispedømeråd

17.-18. Teologidagane (Oslo)

JULI

27.-30. Deltaking på Olavsdagane i Trondheim

AUGUST

26. Ekstraordinært bispemøte på Gardermoen

29.-31. Stabstur til Fredrikstad

APRIL

3. Innsetjing ny prost Nordfjord prosti

4. Sentralt etterutdanningsutval

5. Seminar Mellomkirkelig Råd/Humanetisk forbund

17. Påskedagsgudsteneste, Domkirken

20. Bispedømeråd

27.4-1.5 Visitas Stryn

SEPTEMBER

4. Fjelberg kyrkje 400 år

6.-7. Visitas prestetenesta i Nordsjøen, Sjømannskirken

7. På trua laus

11. Protestfestivalen, Kristiansand

12.-15. Prostemøte (Farsund)

16. Bispedømeråd

21.-26. Kyrkjemøte

27. Prostiturné Bergen domprosti

MAI

3.-5. Prostemøte (Bergen)

28. Prostiturné Bergensdalen

29. Prostiturné Åsane

OKTOBER

3. Visitas ambulerande presteteneste, Sjømannskirken

4. Prostiturné Hardanger og Voss

5. Prostiturné Sogn

6. Prostiturné Nordfjord

25. Prostiturné Nordhordland

27. Prostiturné Sunnfjord

31. Ynglingeakademiet

NOVEMBER

1. Prostiturné Vesthordland

2. Prostiturné Fana

3. Prostiturné Sunnhordland

8. Etter- og vidareutdanningskonferanse

17. Prostemøte (og middag for prostar og bispedømeråd)

18. Bispedømeråd

20. Avskilsgudsteneste (og lunsj)

24. Samling for pensjonerte prestar